



ÅRSMELDING

2019



INNHALD

1. Innleiing.....	3
2. Samfunn	7
3. Tenesteproduksjon og tenesteutvikling	9
4. Økonomi.....	14
5. Organisasjons- og medarbeidarperspektivet.....	16
6. Sjukefråvær	17

Analyse av rekneskapen for 2019

1. DRIFTSREKNESKAPEN.....	18
2. INVESTERINGSREKNESKAP OG BALANSE.....	24
3. ØKONOMISKE NØKKELTAL	27
4. MIDLAR PLASSERT I AKSJAR, OBLIGASJONAR OG LIKVIDITETFOND	28
5. KOSTRA – STATESTIKK OG SAMANLIKNING	29



1. Innleiing

2019 er det siste driftsåret i Haram kommune før kommunesamanslåinga med Sandøy, Ørskog, Skodje og Ålesund er eit faktum. Tidlegare rådmann legg med dette fram årsmeldinga som del av det samla årsoppgjeret for Haram kommune 2019 etter avtale med kommunedirektøren i den nye kommunen. Årsmeldinga skal gi ei tilbakemelding på driftsåret, og omtalar hovudtal i den økonomiske drifta og økonomisk utvikling, teneste- og forvaltningsproduksjonen og perspektiv på trekk i samfunnsutviklinga i året som ligg bak oss. Som følgje av kommunesamanslåinga er årsmeldinga utarbeidd av dåverande administrative leiing, og det er lagt vekt på å utarbeide forenkla årsmelding som dekker momenta i lovkrav og som kommenterer nokre hovudmoment vedkomande det økonomiske resultatet og i driftsorganisasjonen.

Økonomi

Den reviderte rekneskapen for 2019 er gjort opp med eit samla overskot på 30,17 mill. kroner. Resultatet kjem i hovudsak som følgje av noko høgare samla rammetilskot enn i opprinneleg budsjett, og mykje høgare finansinntekter enn budsjettert. Kommunen har store verdiar plassert i aksje- og obligasjonsmarknaden. Utviklinga i kapital- og finansmarknadene gir store utslag på resultatet i ein kommune som Haram.

Rekneskapen viser eit meirforbruk på 12,8 mill. kroner til ordinære driftsformål i forhold til det som var lagt opp til i budsjettet. Størsteparten av meirforbruket kjem av høgare netto driftsutgifter i dei to einingane innan helse- og omsorgssektoren enn venta. Dette skuldast både ekstraordinære utgifter til fleire brukarar med eit høgt omsorgsbehov, eit høgare lønsoppgjer enn venta og ekstraordinære utgifter i legetenesta.

Overskridingane i legetenesta var varsla, då det i 2019 vart gjort endringar som det var uråd å forskottare kostnadene for. Endringane kjem som følgje av rekrutteringsutfordringar i ein gitt periode. Det er også noko lågare inntekter særleg knytt til ressurskrevande brukarar enn budsjettert. I hovudsak kan det forklarast med at kommunen har fått mange fleire brukarar med store ressursbehov enn tidlegare, men som ein ikkje får refusjon frå staten for. Kommunen sit då igjen med ein stadig aukande del av desse utgiftene. Det er aukande etterspurnad etter tenester både innan tenesteområde for menneske med utviklingshemming og innan rus-/ psykiatritenestene. Ein viser elles til kommentarar under kapittel 3.

Det samla resultatet kjem også som resultat av at nokre ansvarsområde hadde lågare netto utgifter enn budsjettert. Både eininga for byggesak, geodata og landbruk og eininga stab-støtte hadde eit mindreforbruk. Ein viser her til kommentarar under kapittel 3.

Sjukefråværet i 2019 var samla på 8,5%, ein auke på 1,5% frå året, og over målsettinga for året på 7%. Dette medfører også høgare vikarutgifter og innleige av personell enn venta.

Året har vore prega av mykje arbeid knytt til kommunesamanslåingsprosessen med stor møteaktivitet, reising og bruk av arbeidstid. Utgifter til frikjøp er kompensert for ein tilsett i prosjektorganisasjonen og delvis for frikjøp av tillitsvalde. Ut over dette er det meste av deltaking i arbeidet dekt av kommunen sjølv. Dette bidreg også til meirutgifter til vikarbruk i verksemder der det har vore påkrevd å leige inn ekstravakter som følgje av reformarbeidet. Det gjeld særleg i skule- og barnehagesektoren og helse- og omsorg. Også frikjøp av tillitsvalde i operativt arbeid vart av same grunn langt høgare enn forutsett. Dette er utgifter det ikkje var budsjettert for i kommunen sitt budsjett. I og med at det er dekt av kommunen sjølv belastar store delar av deltakinga i reformarbeidet heller ikkje prosjektrekneskapen for nye Ålesund. Resultat bør derfor også sjåast i samanheng med prosjektrekneskapen.

Kommunen har over fleire år hatt fokus på streng budsjett disiplin og å forbetre rutine for intern budsjettkontroll så langt det let seg gjere. Nokre utgifts- og inntektspostar kjem av ulike årsaker ikkje fram før på slutten av året, og er av den grunn vanskeleg å kontrollere. Dette gjeld også for 2019. I tillegg har ein

særleg dei siste månadane ikkje hatt fullt fokus på kontrolltiltak, då leiarane på ulike nivå har vore opptatt med nødvendig førebuingarbeid for etablering av den nye kommunen frå 2020.

Det var i tillegg vanskeleg å oppretthalde omstillingstrykket i tenestene frå tidlegare år som følgje av arbeidet med kommunesamanslåinga. Endra leiarfokus frå optimalisering av eigne tenester i den gamle kommunen til å bidra til å bygge ein ny kommune med andre perspektiv er krevjande. Redusert kapasitet til leing av eigen kommune på alle nivå i organisasjonen i overgangsfasen til ny kommune må også sjåast som ein faktor som spelar inn på driftsresultatet for 2019. Fleire har opplevd til dels to styringslinjer, der fokus på driftstilpassing og harmonisering til tenestene i dei andre samanslåingskommunane har tatt fokus. Arbeid etter to styringslinjer førte til at det var umogleg å oppretthalde same fokus på intern budsjettkontroll som i ein ordinær driftssituasjon. Dette vart særleg synleg etter 3. tertial.

Kommunen har vore gjennom ein prosess med økonomisk omstilling sidan 2010. Føresetnadene for budsjetta dei siste åra var basert på ein politisk vedteken plan for omstilling på bakgrunn av at kommunens samla driftsutgifter måtte reduserast over tid og for å tilpasse seg til strammare driftsrammer i økonomiplanperioden. Omstillingsplanen bygde på ein føresetnad vedtatt i kommunestyret om å unngå innføring av eigedomsskatt. Den budsjetterte bruken av finansmidlar til driftsformål vart sterkt redusert som følgje av prosessen, men har tatt seg opp i samband med kommunesamanslåinga. I praksis vart det ikkje muleg å kombinere drastiske omstillings- og nedbemanningsplanar med at kommunen også ufrivillig vart dratt inn i ein samanslåingsprosess.

Dei politiske signala for budsjettåra 2018 og 2019 var tydelege på at ein fram til samanslåing skulle legge vekt på å oppretthalde tenestenivået om lag som før. Dette resulterte i vedtak om auka bruk av disposisjonsfond og budsjettering med auka avkastning i høve tidlegare for å balansere økonomien dette siste driftsåret. Noko av auken gjaldt også disponeringar som ikkje har følgjer for seinare år.

Kostra- tala viser at kommunen dei siste åra før kommunesamanslåinga i større grad enn tidlegare har ein driftssituasjon som nærmar seg gjennomsnittet i Kostra- gruppa. Det største unntaket er framleis skuledrifta som ligg høgt når ein tar omsyn til at over 10% av elevane går i privat skule. Ein har også hatt ein særdeles sterk auke i dei to einingane Omsorgstenester og Helsetenester. Som venta var ein budd på ein krevjande driftssituasjon i 2019, då fleire av tenesteområda venteleg hadde høgare driftsutgifter enn inntektene skulle tilsei, for å oppretthalde 2018 tenestenivå fram til samanslåing.

Kommunen kunne balansere drifta på denne måten grunna god avkastning på den langsiktige finansforvaltninga over tid. Meirforbruket som kjem fram av netto driftsresultat, og som er dekt av meiravkastning frå investeringsfondet i 2019, ligg til samanlikning om lag på same nivå som berekna inntekter frå eigedomsskatt med 2 promille. Det kunne vere ei alternativ finansiering for å oppnå balanse dersom ein politisk hadde valt å innføre eigedomsskatt i siste økonomiplanperiode, men eit samsrøystes kommunestyre gjekk for andre løysingar.

Utviklinga i netto driftsresultat er negativ i stor grad grunna auka bruk av disposisjonsfond for å balansere drifta. På sikt er ikkje dette berekraftig og ikkje i tråd med intensjonane i nye Ålesund. Det ureviderte resultatet for 2019, med eit overskot på 30,2 mill vart samla mykje betre enn budsjettert, til tross for større overskridingar i tenesteproduksjonen og mykje ekstrabelasting i høve kommunesamanslåing. Det kjem av at ein fekk eit veldig godt finansielt resultat, spesielt på dei langsiktige aktiva i investeringsfondet. Over tid bør likevel netto driftsresultat vere om lag 1,75% av brutto inntekter. Utviklinga siste åra viser stor variasjon og skuldast både at kommunens inntekter i form av rammeoverføringar har gått monaleg ned år for år, og at kommunens finansinntekter varierer: Resultata siste åra er som følgjer: 2012 (3,12%), 2013 (5,55%), 2014 (2,08%), 2015 (0,29%), 2016 (0,16%), 2017 (1,92%), 2018 (-0,93%), 2019 (-0,81%)

Det er verd å merke seg at kommunen framleis er avhengig av høg avkastning på kapitalformuen for å balansere budsjettet, og bruk av avkastning og fond er med å balansere budsjetta både i 2018 og 2019. Det finansielle resultatet for 2019 ga langt over den budsjetterte avkastninga og ga dermed mulegheit til auka avsetning til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet blei i stor grad brukt for å møte driftsutfordringane fram mot kommunesamanslåinga i 2020. Det er difor ikkje lenger robust nok til å tåle særlege svingingar i finansmarknaden frå år til år og må fyllast på.

Kommunen, med si relativt høge lånegjeld, er også eksponert for store utslag når rentevilkåra endrar seg på våre lån. Samla lånegjeld utgjer kr 1.211,8 mill. kroner, men størsteparten er i mindre grad utsett for eigen renterisiko (sjå eigen figur i analysedelen). Mykje av lånemidlane er ennå unytta grunna forseinka framgang i investeringsprosjekta. Netto renteutgifter vart lågare enn budsjettert grunna høgare renteinntekter på likviditet enn budsjettert, samt slakk renteutvikling på låna. Kommunen har rentesikringstiltak i samsvar med gjeldande finansreglement, for å redusere eksponeringa forholdsmessig. Kommunen har nokre store investeringar under prosjektering, og som var innarbeidd i økonomiplanen og budsjett. Nye investeringsprosjekt bør sjåast i samanheng med mulegheit for betre og meir effektiv drift.

Det var knytt usikkerheit til skatteinngangen i 2019. Noko sviktande skatteinngang lokalt, men med positiv auke, vart kompensert gjennom utjamningsordninga. Utviklinga på landsbasis vart betre enn både STB og RNB anslo. Aukande optimisme og betre utsikter for næringslivet også for vår del av landet gav eit godt løft i sysselsettinga, og ein kan også sjå ein nedgang i sosialytingar igjen etter fleire år med betydeleg vekst.

Likestilling og etikk

Haram kommune har ved årsskifte 2019/20; 763 tilsette fordelt på 576,23 årsverk. Som i kommunesektoren elles har Haram kommune ei stor overvekt kvinnelege medarbeidarar. Arbeidsstokken er fordelt med om lag 85 % kvinner og 15 % menn. Fordelinga har vore nokså stabil over år. Mellomleiarstjiktet speglar nokolunde den samla fordelinga, medan einingsleiargruppa (leiargruppa til rådmannen) har 50/50 fordeling mellom kvinner og menn.

Kommunen har som mål at den best kvalifiserte skal tilsettast i ledige stillingar. Når søkarar av begge kjønn står kvalifikasjonsmessig likt eller tilnærma likt, kan søkjarar av det kjønn som er underrepresentert verte føretrekt, i samsvar med formåla i likestillings- og diskrimineringslova. Haram kommune hadde i 2019 fire kandidatar i ordninga Menn i helse. Desse gjekk opp til fagprøve i løpet av sommar og haust 2019.

Kommunen har egne etiske retningslinjer som set premissar for utøving av mynde og tenester både for folkevalde og tilsette. Som ledd i internkontrollen har Haram kommune også eit kvalitetssystem (Compilo) som både ivaretek dei reglar og retningslinjer som er gjeldande i kommunen, samt rapportering av avvik frå desse. Kvalitetssystemet Compilo vil også bli vidareført i den nye kommunen, men innhaldet må tilpassast og harmoniserast den nye kommunen.

Kommunen har gjennom sine rutinar både knytt til økonomihandsaming, tilsetting, personalsaker og brukarretta tenester eit system der det vert utøvd kontroll via fleire ledd. Det vert også gjennomført internkontroll knytt til HMS og ulike fagtenester.

I 2019 vart det gjennomført medarbeidarundersøkinga 10-faktor i verksemdar i skule og barnehage. Funna vart presentert for dei tilsette, og ein har hatt prosessarbeid med tilsette og leiar, i etterkant av undersøkingane.

Kommunereform

Samanslåing av kommunane Ørskog, Skodje, Haram, Sandøy og Ålesund er den største kommunesamanslåingsprosessen i landet i denne omgang, og skal gjelde frå 1.1.2020. Å danne ein ny kommune av fem eksisterande kommunar er ein omfattande prosess. Kommunereformprosessen krev stor

innsats frå alle partar, og har prega mykje av arbeidet i kommunen både i 2018 og 2019. Arbeidet har tatt merksemd og ressursar frå andre oppgåver og aktivitetar i kommunen. I det siste året fram til den nye kommunen er etablert frå 1.1 2020 har ein både politisk og administrativt vore innstilt på at arbeidet med overgangen til nykommunen krevde meir og meir tid og ressursar, og at arbeidet i dagens kommune måtte konsentrerast om å avvikle kommunen på ein best muleg måte. Målet har likevel vore å fullføre oppstarta prosjekt og halde kommunen gåande og levere tenester på eit tilfredsstillande nivå det siste året i Haram kommune si historie. Haram kommune var ein forholdsvis robust kommune også før Stortinget gjorde vedtak om tvangssamanslåing. I det siste året har det derfor vore viktig å avslutte den gamle kommunen på ein verdig og god måte, med størst muleg trygghet for innbyggjar og brukarar av tenestene våre. Haram kommune er kjent som ei framoverlent og innovativ kommune på mange område, særleg i arbeidet med tidleg innsats for barn og unge og gjennom partnerskapsmodellar med næringsliv og frivillig sektor. Haram har også vore med i prosjektet «MOT som samfunnsbyggjar» frå starten av. På denne måten er kommunen «tett på pulsen» i samfunnet og ein oppnår god utnytting av dei samla ressursane. Kommunen overleverer ressursar og kompetanse til den nye kommunen innan både tenesteutvikling, samfunnsutvikling og eit utvida regionkommuneperspektiv som kan bidra til å bygge opp under intensjonsavtalen sine målsettingar i den nye kommunen.

Haram kommune gjekk over i historien etter 55 år i den kommunekonstellasjonen som vart etablert i 1965. Avslutninga vart markert med ei tilstelling for dei tilsette på Ingebrikt-Davikhuset og med eiga tilstelling for kommunestyret.

Turid Hanken
Rådmann



2. Samfunn

Kommunens samfunnsretta engasjement er hovudsakleg forankra i kommunens strategiske kommuneplan med oppfølgande aktivitetar, interkommunalt samarbeid og prosjekt, samarbeid gjennom Haram Næring og Innovasjonsforum og frivillig sektor. Kommunen ønskjer å vere ein god samarbeidspart for andre samfunnsaktørar og legge til rette for næringsutvikling og busetting.

Samfunnsdelen av kommuneplanen har ikkje vore revidert i den siste kommunestyreperioden, men var oppe til vurdering i kommunestyret i starten av perioden. Det vart då fastslått at gjeldande plan med mål og strategiar framleis var relevante for å sette retning på samfunnsutviklinga i perioden. Kommuneplanen sine satsingsområde er bygd opp rundt dei fire pilarane;

- Haram og omgivnadene (regionen)
- Haram som nærings- og kompetansesamfunn
- Bustadetablering og lokalsamfunn
- Haram som teneste-, service og samfunnsorganisasjon

Dette var førande heilt fram til slutten av Haram kommune si historie ved årsslutt 2019. Handlingsprogrammet vart revidert i samband med økonomiplanarbeidet kvart år, og her vart det prioritert aktivitetar for å bygge opp under målsettingar for kvar av pilarane. Juni 2018 var siste gong kommunen reviderte økonomiplanen med handlingsprogram. Ferdigstilling av ny arealdel av kommuneplanen fekk første prioritet, og vart ferdigstilt i 2019.

Kommunen deltok i dei etablerte interkommunale plan- og samfunnsprosjekt som var etablert og vidareført frå året før. Det meste innbefatta dei andre kommunane i samanslåingsprosjektet og Sula og Giske. Det kan her nemnast Region Ålesund- samarbeidet og aktivitetar innan arbeidet med felles areal-, transport- og klimaplan, konferansefestivalen The North West og prosjektsamarbeidet om marine grunnkart. Det siste fekk statleg støtte frå 2020 og prosjektet får status som nasjonal pilot frå same tid og blir vidareført saman med Kartverket. Kommunedelplanen for Hamnsundsambandet vart også ferdigstilt og godkjent i 2019. Det blir opp til styret og den nye samanslåtte kommunen å ta dette vidare.

Nye interkommunale samfunnsretta prosjekt er ikkje starta opp i 2019, ut over initiativ som er sett i gang i regi av prosjektorganisasjonen for Nye Ålesund.

Busetting

Folketalsveksten flata ut i 2019 etter mange år med vekst. Folketalet var 9352 ved utgangen av året, ein nedgang på 31 personar frå året før. Til forskjell frå året før var det både negativt fødselsoverskot (-1) og netto utflytting frå kommunen. Framleis er det netto innflytting frå utlandet. Folketalsutviklinga er ikkje likt fordelt over heile kommunen. Trenden med størst vekst i dei mest sentrale tettstadsområda held fram. Samla sett har kommunen bra med tilrettelagt utbyggingsareal, men ikkje alle stader viser seg å ha regional konkurransekraft eller blir oppfatta som like attraktive. Behovet for nye attraktive bustadområde er viktig tema i arealplanen, og det er gjennom arealplanen søkt lagt til rette for utbygging i sentrale område der det er størst etterspurnad, og som kan bidra til vidare vekst og utvikling i den nordre delen av den nye kommunen.

Sysselsetting og næringsliv

Det er framleis stor inn- og utpendling mellom Haram og nabokommunane, særleg til og frå Ålesund. Arbeidslivet er også kjønnsdelt og kommunen er avhengig av ein velfungerande og dynamisk bu- og

arbeidsmarknadsregion. Av kommunens innbyggjarar arbeider knappe 70 % av dei yrkesaktive innan eigen kommunegrense.

Arbeidsløysa var ved inngangen til året på 2,2 %, men ved utgangen av året var arbeidsløysa redusert til 1,3 %. Til samanlikning var talet for fylket 2% og samla for landet 2,2%. Det er bygd opp gode og velfungerande samarbeidssystem mellom NAV Haram og andre aktørar gjennom dei siste åra. NAV Haram kan vise til gode resultat i arbeidet med å få fleire ut i arbeidslivet i tett samarbeid med næringslivet, kommunen og Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI) også i 2019. Det er også etablert samarbeid om temasamlingar og kompetansesamarbeid mellom NAV og HNI.

Som vertskap for eit globalisert næringsliv har kommunen fått merke verknaden av svingingar i dei maritime næringane siste åra. Av dei 4500 arbeidsplassane i kommunen er knappe halvparten i sekundærnæringane. Med ein sysselsettingsgrad på om lag 48% i sekundærnæringane, og mange av desse i konkurranseutsette næringar, vert lokalsamfunnet fort ramma når utviklinga i den globale økonomien endrar seg. Sidan dette utgjer så stor grad av sysselsettinga følgjer kommunen utviklinga i dei verdiskapande næringane med stor interesse, då det har stor innverknad på samfunnet elles. Kommunen har derfor søkt å vere ein god samarbeidspartnar og tilretteleggjar for eit næringsliv i endring og med stadige eigarskifte. Dette skjer på ulike måtar, td gjennom samarbeid med næringslivet sjølv som deltakar og bidragsytar i HNI, gjennom planlegging og infrastrukturtiltak, HoppID-verksemd og gjennom entreprenørskaps- og kompetansearbeid. I 2019 vart Rolls Royce bedriftene seld til Kongsberg-gruppen, og 2 verksemdar i Haram flaggar no under nytt namn.

På bakgrunn av eit langsiktig og målretta arbeid for å vere ein god vertskapskommune for næringslivet, mottok kommunen pris som beste vertskapskommune for næringslivet i 2019. Prisen vart utdelt i fellesskap av NHO og KS. Det formelle samarbeidet mellom kommune og næringsliv skjer gjennom deltaking i Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI), og prisen delast med HNI.

Haramskonferansen, der kommunen er sentral samarbeidspart, vart avvikla med suksess også i 2019. Konferansen er blitt eit fast årleg arrangement og på kort tid ein god merkevare for Haram.

Kommunen er ei av dei større landbrukskommunane i fylket. Landbruket utgjer 3%. Samla sysselsetting i primærnæringane er ca 160. Kommunen opplever etterspurnad etter frådelling av tomter i spreidbygde område, og har hatt fokus på å legge til rette for det der det er muleg gjennom arbeidet med arealplanen.

Kultur- og idrett

Det er stor aktivitet i frivilleg sektor i kommunen, og frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor samfunnsinnsats. Kommunen har lite offentleg drive kulturliv, men er opptatt av å vere ein god samarbeidspart og katalysator for det frivillige kultur- og idrettslivet. Kommunestyret løyvde i 2019 ekstraordinære midlar til prosjekt i det frivillige kulturlivet, og til frivilleg opprustning av kommunale eigedomar. Midlane vart utdelt og nytta etter søknad. Midlane er ikkje vidareført i 2020.

Kommunen har utvikla særskilde modellar for samfinansiering av idrettsanlegg og kulturbygg. I 2019 vart ny idrettshall i Søvik gjenstand for ein slik avtale. Prosjektet med nytt svømmeanlegg i Brattvåg sentrum oppnådde også krav til samfinansiering etter tilsvarande modell, og arbeidet med forprosjektet kom i gang for fullt etter ei tids planlegging. Prosjekta har vore innarbeidd i økonomiplanen i fleire år, og det er søkt spelemidlar til prosjekta.

Nordøyvegen

Nordøyvegen var godt i gang etter oppstarten i 2017, men arbeidet stoppa sommaren 2018 etter at anbodet på hovudentreprise var dyrare enn venta. Endeleg vedtak om utbygging var gjort i fylkestinget i desember 2018, og arbeidet starta opp igjen våren 2019. Prosjektet har sidan følgt oppsett framdriftsplan.

Vegprosjektet vil vere viktig for å binde den nye kommunen saman. Prosjektet er planlagt ferdig i 2022 og det vil gi nye perspektiv på teneste- og samfunnsutviklinga særleg på øyane, og for å kunne oppnå synergjar i tenestetilbodet mellom dei gamle kommunane. Kommunane som dannar nye Ålesund har vedtatt å støtte vegprosjektet med 200 millionar kroner i tillegg til dei 160 mill som kommunane Sandøy og Haram tidlegare hadde inngått avtale om. Kommunane har starta innbetaling av sine økonomiske bidrag til det fylkeskommunale prosjektet. Konsekvensar av vedtaket om kommunal deltaking frå Haram kommune si side er innarbeidd i gjeldande økonomiplan, og er basert på ein føresetnad om at driftsordningane på øyane kan effektiviserast når fastlandssambandet er på plass. Det er på denne bakgrunn behov for å førebu eventuelle driftsendringar som kan tre i kraft når vegprosjektet står ferdig.

3. Tenesteproduksjon og tenesteutvikling

Det er stilt store forventningar til effektivisering i kommunal sektor frå sentrale styresmakter. Med utsikt til stadig nye krav og oppgåver og lågare inntektsvekst i åra som kjem, vil det framleis vere behov for omstilling og rasjonalisering. Kommunen har arbeidd med omstilling av drifta over fleire år, men dei to siste åra har fleire prosessar blitt satt på vent. Nye større omstillingar vil det vere opp til den nye kommunen å ta stilling til.

Tenestenivået til brukarar og publikum har i 2019 vore på om lag same nivå som året før. I regi av prosjektorganisasjonen for den nye kommunen frå 2020 er det sett i gang kartlegging og gjennomgang av ulike tenesteområde med sikte på harmonisering av tenestetilbodet. Den nye organisasjonen har utarbeidd oversikt av KOSTRA-tal frå samanslåingskommunane. Kostra-tala som følgjer vedlagt viser utviklinga over tid i Haram samanlikna med kommunar i Haram si Kostra-gruppe. Dette for å gi eit best muleg reelt bilde av korleis driftssituasjonen i Haram framstår før samanslåing.

KOSTRA-analysar har vist over tid at kommunen har prioritert utgifter til tenesteproduksjon høgare enn inntektsgrunnlaget skulle tilsei. Dette trass i fleire omorganiseringar, strukturendringar og effektiviseringstiltak. Kostnadsnivået er dels uttrykk for klare politiske prioriteringar, og dels synleggjer det konsekvensen av nye statlege føringar og normkrav, og endring i behov i fleire brukargrupper. Kostnadsauke kjem hovudsakleg som følgje av nye og fleire brukarar med krav til rettighetsbaserte tenester, nye normkrav og krav til kompetanse og dokumentasjonskrav som krev ekstra ressursar.

Helse og omsorg

Kommunen har fått fleire nye brukarar med stort omsorgsbehov både i ordinær eldreomsorg, innan rus-/psykiatritenesta og i tenestene for funksjonshemma. Framleis er ikkje alle nye statlege pålegg fullfinansiert, og det aukar presset på ein frå før pressa kommuneøkonomi. Eit større kommunalt ansvar innan rus- og psykiatritenesta er utfordrande og krev at kommunen utviklar tenestetilbodet. Kommunen fekk i 2019 prosjektstøtte til å opprette stilling for psykolog og erfaringskonsulent.

Innan tenesteområdet for psykisk utviklingshemma har det vore ei planlagt opptrapping av tilbodet i 2019 som følgje av pålagde endringar i tenestetilbodet etter tilsyn. I tillegg har kommunen fått mange nye brukarar av butenestene siste tida. Dette har medført behov for større auke i budsjettet for tenesteområdet enn føresett i gjeldande økonomiplanperiode. Etter omlegging av drifta er gjennomført reknar ein med noko lågare utgifter i 2020.

Innan pleie- og omsorg elles ser ein at kostnadane innan den døgnbemanna omsorga har auka dei siste par åra. Ein grunn til dette er at fleire av brukarane er dårlegare og kjem inn med større omsorgsbehov enn tidlegare. Ein har førebels heller ikkje oppnådd fullt ut forventa effekt av omlegging frå institusjonsdrift til døgnbemanna omsorgstilbod ved Eidet omsorgssenter. Kommunen har sidan starten av samhandlingsreforma hatt til svært få utgifter til liggedøgn på sjukehuset, så også i 2019. Kommunen har p.t ledig kapasitet i døgnbemanna omsorgstilbod i eldreomsorga og har dermed ikkje full utnytting av kapasiteten. Kommunen er aktiv utprøvar av velferdsteknologi i samarbeid med ALV, og har som mål å nytte teknologi for meir effektiv utnytting av ressursane i omsorgssektoren.

Kostra-tala viser ein sterk utgiftsvekst innan kommunehelsetenesta, dvs legetenesta. Kommunen har over fleire år hatt litt høgare legedekning enn samanliknbare kommunar, dels grunna geografien i kommunen. I 2018 og 2019 fekk kommunen rekrutteringsutfordringar som følgje av at fleire legar slutta etter mange år med stabile tenester. Året 2019 er prega av ekstraordinære tiltak i så måte, og det er venta at kostnadene delvis kan reduserast frå 2020. Kommunen fekk støtte frå ALIS-prosjektet til ny 2 nye legeårsverk i 2019. Kommunen har no legekontor både med privat og kommunal driftsmodell.

Resultatet i helse- og omsorgstenestene i Haram følgjer trenden på nasjonalt nivå i følgje KS sine rapportar. KS viser til at pleie- og omsorgssektoren er det området som har størst vekst i kommune-Norge. I følgje KS har auken i driftsutgiftene i pleie- og omsorgssektoren auka meir enn inntektene kvart år dei siste 3 åra i kommunesektoren. Resultatet viser at det i 2019- budsjettet ikkje var tatt høgde for heile denne veksten i vår kommune heller. Den nye organisasjonsmodellen som er vedtatt for den nye kommunen skil seg frå den tidlegare organiseringa av helse- og omsorgstenestene i Haram. Det medfører fleire leiarstillingar på verksemdsnivå enn tidlegare, noko som ikkje er budsjettert med i Haram sin økonomiplan. Dette vil verte ein utgiftspost i framtida dersom dette ikkje kan dekkast gjennom meir effektiv utnytting av ressursane gjennom styrka leiarskap.

Oppvekst, barn og unge, tidleg innsats

Kommunen har også høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunar i same Kostra-gruppe i skulesektoren. Dels kan dette tilskrivas politiske prioriteringar med ei desentralisert skulestruktur. Særleg er dette utfordrande på øyane med fleire små skular og synkande elevtal. Stordriftsfordelar let seg ikkje utnytte fullt ut. Kostra-tala synleggjer td at det er små grupper på ungdomsskuletrinnet. Kommunen har også mange elevar som har valt private skular etter skulenedleggingar, og har derfor ikkje oppnådd full effekt av gjennomførte strukturendringar. Når oppstarta bygge- og rehabiliteringsprosjekt på Eidet og på Haramsøy står ferdig vil det gi rom for effektivisering på barneskulenivå. Den nye organisasjonsmodellen som er vedtatt for den nye kommunen byggjer på modellen som vart innført i Ålesund kommune før samanslåinga. Denne skil seg frå den tidlegare organiseringa av skulesektoren i Haram med fleire leiarstillingar på verksemdsnivå enn tidlegare, og det er ikkje tatt budsjettmessig høgde for dette i Haram. Med fleire mindre skular som i Haram vil den nye driftsmodellen verte dyrare for den samla skuledrifta enn tidlegare. Ei endring av drifta ved dei minste skulane vil kunne bidra til å redusere kostnadsauken noko.

Det er stort fokus på utvikling av innhaldet i skulen. Haramskulen har ønska å skape omdøme som pedagogisk utviklingsorienterte. Kompetansebygging, framtidsskulen og Fagfornyinga har vore den raude tråden i dette arbeidet. Haram har satsa stort på digital og teknologisk kompetansebygging. Skaparverkstad er innført på fleirtalet av skulane og dei andre er i startgropa. It-inspirator i 50% stilling skal sikre at alle skular og alle lærarar skal få høve til kompetansebygging. I år som i fjor gjorde skulane det svært godt i teknologikonkurransen First lego league.

I tillegg har det vore arbeidd med oppfølging av satsinga dysleksivennleg skule. Kommunen er den første i landet der alle skulane er sertifisert. Det er også starta eit løp for å bygge opp kompetansen på dyskalkuli og reknevanskar. Samarbeidet skule- næringsliv fekk fornya kraft gjennom ei felles satsing mellom

rektorkollegiet og Haram Næring og Innovasjonsforum. Grunnskuleeininga har arbeidd tett med HNI og har fått tydelege signal frå næringsleiarar i regionen om kva framtidskompetanse elevane treng for å meistre arbeidslivet i framtida. Haldningar og verdiar, kunne samarbeide og samskape er kompetanse som alle lærarar har fått klar bestilling å bidra til å utvikle ho elevane.

Barnehagedrifta i Haram er framleis prega av fleire mindre barnehagar både i privat og kommunal regi. Kommunen har 5 kommunale og seks private barnehagar. Det har vore arbeidd med å få ned driftskostnadene over fleire år som følgje av endring i overføringsordninga til kommunane og at kommunen låg svært høgt samanlikna med andre i Kostra-gruppa. Betre utnytting og fleire større kommunale barnehagar har redusert overføringskostnadene til dei private noko, og slik sett redusert kostnadene noko. Kommunen har full barnehagedekning samla sett, men på grunn av geografien i kommunen er det ikkje lett å nytte kapasiteten fullt ut. Det er behov for fleire plassar i dei mest sentrale pressområda slik det er gjort vedtak om. Det er etablert godt samarbeid mellom kommunale og private barnehagar og alle deltar i felles satsingar med tidleg innsats i barnehagane. Kommunen har utvikla eigen modell for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane, og det er tett samarbeid med logoped og helsestasjon.

Kommunen har over år arbeidd systematisk med tidleg innsats og samarbeid på tvers av tenesteområde særleg innan tenestene retta mot barn og unge, men og andre sektorar. Tilsette i Haram har hatt prosessansvaret for den interkommunale satsinga «Mission Possible» i regi av Sunnmøre Regionråd i samarbeid med Helseforetaket, BUP, BUF og andre statlege aktørar. I 2019 vart dette arbeidet nedtona som følgje av samanslåingsprosessen. Ein heldt framleis i gang satsingane med betre samordna tenester lokalt, særskilt innanfor oppvekst, spesialundervisning, rus- og psykiatri og inn mot flyktingearbeidet. Eit systematisk samarbeid mellom kommunens tenester og NAV er vidareutvikla. Formålet er både best muleg ressursutnytting og meir treffsikre tilbod i samsvar med brukarane sine behov.

Ein har i 2019 vidareutvikla tverrfagleg samarbeid om aktivitetsplikta mellom NAV og kommunens øvrige tenester med godt resultat. Det er også etablert nye systematiske tverrfaglege samarbeidsformer mellom NAV- flyktingeteneste og vaksenopplæring mellom anna som følgje av nye sentrale føringar for introduksjonsprogrammet for flyktingar. Gjennom tett samarbeid er det oppnådd ei målbar kvalitetsforbetring i 2019. Arbeidsmodellen er lagt merke til av IMDI og kommunen har ved fleire høve deltatt på delingskonferansar for at andre kan lære av dette. Kommunestyret i Haram gjorde i 2019 vedtak som la til rette for at samlokalisering og eit tett samarbeid mellom NAV, introduksjonsprogrammet for flyktingar og vaksenopplæringa for øvrig kunne vidareførast i ombygde kommunale lokale i Brattvåg, etter at noverande lokale ved gamle sjukeheimen skal avhendast.

Som Kostra-tala viser kjem kommunen godt ut samanlikna med Kostra-gruppa både kva gjeld nettoutgifter til barnevern og sosialutgifter, tal barn med spesialundervisning m.m. Både Kostra-tala og andre indikatorar viser gode resultat for område som kommunen har arbeidd særskilt med over fleire år. Det gir indikasjon på at målretta tverrfagleg samarbeid med nye arbeidsformer har effekt. I høve økonomiplanen til Haram er det lagt inn effektivitetskrav i fireårsperioden som tilseier at tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og innføring av nye arbeidsverktøy og arbeidsmetodar som gir synergjar direkte i tenesteproduksjonen må ha høgt fokus. I samband med kommunesamanslåinga vart ikkje nye satsingar planlagt i 2019, men avventa korleis den nye kommunen ville legge opp arbeidet. Det er å håpe at dei beste eksempla, der ein ser både økonomisk og kvalitetsmessig forbetra resultat, kan vidareførast i den nye kommunen,

Tekniske tenester

Innanfor tekniske område viser Kostra- tala at årsgebyra for vatn, avløp og avfall har lagt på same nivå i kommunen siste åra. Gebyra knytt til vassforsyning har lagt høgare enn gjennomsnittet i Kostra-gruppa, og ein del lågare innanfor avløp. I forhold til avfall er gebyra litt høgare enn Kostra-gruppa, men om lag på same nivå som for dei andre kommunane i nye Ålesund. Haram har mange private vassverk, og dermed vert berre delar av innbyggjarane med i abonnementsordninga for dei kommunale vassverka. Det interkommunale vassverket SaHara, som var eigd av kommunane Sandøy og Haram vart avvikla frå årsskiftet 2019/2020 som følgje av at begge kommunane vart med i same kommune.

Innan område eigedom og teknisk drift var det i 2019 fokus på å gjennomføre planlagde og vedtekne vedlikehaldsprosjekt innan veg, teknisk infrastruktur og bygningsmasse. Ikkje alle prosjekt var ferdigstilt innan året var omme. Det skuldast mellom anna kapasitetsmangel i overgangen til ny kommune, lengre anbudsprosessar enn føresett eller at reguleringsplanprosessar ikkje var ferdige. Ikkje fullførte prosjekt som er finansiert vert overført og arbeidet må fullførast i regi av den nye kommunen.

Innan området plan og byggesak har det vore fokusert på arealplanarbeidet og behandling av pågåande reguleringsplanar og byggesaker før overgang til nye kommune. I året kom også vindkraftanlegg på Haramsøya på dagsorden igjen, då konsesjonshavar igangsette detaljplanlegging med sikte på oppstart innan konsesjonsfristen. Kommunen påklaga vedtak som ikkje fekk si endelege behandling i departementet før årsslutt.

Det var gitt ekstra løyving i budsjettet for 2019 til å ferdigstille scanning av byggesaksarkivet. Dette for å lette overgangen og seinare saksbehandling i den nye kommunen. Kommunen inngjekk samarbeid med IKA, men arbeidet vart ikkje ferdig og må fullførast i ny kommune. Elektroniske byggesaksarkiv vil effektivisere byggesaksbehandlinga og arbeidet bør ha høgt fokus vidare.

Tilsette innan dei tekniske tenesteområda har hatt mykje arbeid inn mot ny kommune i arbeidet med harmonisering av vegnamn, avgifter og organisering av framtidige tekniske ordningar i den nye kommunen. Det har tatt storparten av merksemda gjennom heile året. Ålesund har vore vertskommune for Haram innan brannordninga dei siste åra, og harmoniseringsarbeidet innan dette feltet har vore styrt frå Ålesund for Haram sitt vedkomande.

Planarbeid

I 2019 har det vore arbeidd med fleire ulike typar planar. Ein vil her nemne:

Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har vore prioritert og vart behandla av kommunestyret i Haram i desember 2019 etter ein omfattande prosess. Planen må likevel formelt godkjennast av kommunestyret i den samanslåtte kommunen på nyåret 2020, sidan kommunestyret under avvikling ikkje lenger hadde mynde til endeleg eigengodkjenning. Planen vil då ha status som kommunedelplan i den nye kommunen.

Kommunestyret vedtok i 2017 at kommunen skulle utarbeide ein kommunal kulturminneplan og at kulturutvalet skulle sette ned ei arbeidsgruppe. Arbeidet vart meir omfattande enn ein rekna med, men vart lagt fram for kommunestyret og godkjent hausten 2019. Planen som no er godkjent vil ikkje vere altomfattande, men vil vere ein god start i forhold til kommunen si planlegging innanfor kulturminneområdet.

I tillegg til sjølve kulturminneplanen er det utarbeidd eit handlingsprogram og ein tabell med oversikt over prioriterte kulturminne.

Plan for habilitering og rehabilitering vart utarbeidd av ei tverrfagleg gruppe frå alle dei ulike aktuelle tenestene i kommunen, initiert av kommuneoverlegen. Sidan det var kort tid før kommunesamanslåing, vart det ikkje naturleg å sende plandokumentet ut til høyring eller behandle det politisk. Dokumentet vil vere nyttig for oversikt i arbeidet med habilitering og rehabilitering i den nye kommunen.

Plan i høve psykisk helse for barn og unge vart utarbeidd, men ikkje implementert i organisasjonen. Grunnlaget kan ein likevel ta med seg inn i den nye kommunen.

Det er stort behov for ein oppdatert bustadsosial handlingsplan, men dette arbeidet var det ikkje kapasitet i organisasjonen til å prioritere i 2019, og må overlatast til den nye kommunen.

Investerings- og utbyggingsprosjekt

Det har vore stort trykk på planlegging og gjennomføring av ulike utbyggingsprosjekt i 2019. Dei største prosjekta er ny skule på Eidet som erstattar Vatne og Tennfjord barneskular, barnehage i Tennfjord og nytt svømmeanlegg i Brattvåg. Alle prosjekta er innarbeidd i økonomiplanen for fleire år tilbake, og arbeidd med over tid, men på grunn av kapasitetsomsyn har ein ikkje klart å halde framdriftsplanane som var lagt tidlegare. Alle prosjekta har ved utgangen av året tilfredsstillande framdrift både som prosjekt og med reguleringsplanarbeid, og blir følgt opp i samsvar med politiske vedtak. Svømmeanlegg i Brattvåg er under bearbeiding frå mulegheitsstudie gjennom eit forprosjekt som er venta ferdig i løpet av 1. halvår 2020. For Eidet skule er ein i gang med grunnlaget for anbodskonkurransen. Tennfjord barnehage, som er sett i samanheng med skuleutbygginga, står på vent til ein er kome noko lengre i skuleprosjektet.

I tillegg vedtok kommunestyret i 2019 omdisponeringar innan rammene for økonomiplanen som gjorde fleire andre renoveringsprosjekt muleg. Det største av desse er renovering ved Haramsøy barne- og ungdomsskule. Alle prosjekta er fullført eller igangsett i tråd med vedtaka og blir fullført i 2020. Med nyleg gjennomførte og planlagde utbyggingsprosjekt kjem kommunen inn i den nye kommunen med oppdaterte og brukarvenlege formålsbygg med reduserte vedlikeholds- og energiutgifter i høve den eldre bygningsmassen som det erstattar.

Det nye tenestehuset med tilhøyrande areal i Brattvåg stod ferdig som planlagt sommaren 2019. Kommunen er her leigetakar og flytta inn i lokale i september med alle planlagte tenester. Det gjeld legekontor, helsestasjon, bibliotek, servicekontor/ innbyggjartorg, ressursbase for barn og unge, barnevern, PPT og ulike brukarretta tilbod innan oppvekst, omsorg, helse, rus-/psykiatri, samt tekniske tenester og administrasjon. Nytt godkjent arkiv som kjem heile den nye kommunen til del høyrer også med.

Flyttinga samla alle administrative- og sentrale tenestefunksjonar og har til saman 130- 140 arbeidsplassar. Huset er planlagt med høg grad av fleksibilitet og funksjonalitet for fleirbruk og samhandling, og det er lagt stor vekt på mest muleg standardiserte og universelle interiørløysingar som kan nyttast for dei fleste formål. Tilbakemeldingane frå dei tilsette og brukarane har vore gode, og etter kort tid opplevde ein synergjar av samlokaliseringa i form av betre samhandling og tettare samarbeid. Det står igjen nokre mindre tilpassingar etter erfaring med bruken, og etter at det kjem endringar i tilsettegruppa frå den nye organisasjonen i 2020. Dette blir fortløpande arbeidd med i starten av 2020. Trass i at bygget var detaljplanlagt før kommunesamanslåing var eit faktum er det likevel svært godt egna for, og tilpassa, ideala i vedtatt organisasjonsplan for den nye kommunen. Den sentrale plasseringa av biblioteket samlokalisert med innbyggjartorget utgjer «hjartet» i bygget og gir nye mulegheiter for både innbyggjarar og tilsette. Det har vore løyvd ekstra midlar til tekniske løysingar og IT-utstyr, og dei tilsette som får arbeidsplass her i den nye kommunen har tilgang til alle moderne tekniske hjelpemiddel også for å kunne arbeide på distanse. Flytting til nye lokale medfører oppseiing av andre leigekontrakter i Brattvåg, samt at kommunen kan avhende gamal, mindre egna og driftskrevjande bygningsmasse. Dette arbeidet må fullførast etter 2020.

4. ØKONOMI

Status på rekneskapen i forhold til budsjett– Vurdering frå einingane og stab/støtte
<p>ANSVARSGRUPPE 10 – POLITISK:</p> <p>Avvik rekneskap/budsjett – kr 1.296.775 (- 19,87 %)</p> <p>Området har i 2019 eit mindreforbruk på ca. kr 1,3 millionar. I samband med budsjettbehandlinga vart formannskapet sin post for tilleggsløyvingar auka med kr 1,5 millionar. Denne vart berre delvis nytta, og området kjem derfor ut med eit større mindreforbruk.</p>
<p>ANSVARSGRUPPE 11 – DIVERSE OG STAB/STØTTE:</p> <p>Avvik rekneskap/budsjett – kr 4.416.467 (-15,64 %)</p> <p>Området har i 2019 eit mindreforbruk på ca. kr 4,4 millionar. I 2019 er midlar som har stått på bundne driftsfond blitt ført tilbake til drifta. Dette saman med felles inntektsavsetning på sjukepengekrav som ikkje er fordelt i 2019 har gitt eit større mindreforbruk. Manglande fordeling av sjukepengekrava medfører at resultatata på einingane elles vert litt dårlegare enn reelt. Drifta elles innanfor stab/støtte har vore om lag som budsjettert.</p>
<p>ANSVARSGRUPPE 13 – TILSKOT KYRKJELEG FELLESRÅD MM.</p> <p>Avvik rekneskap/budsjett kr 181.295 (+ 2,23 %)</p> <p>Området har i 2019 hatt eit meirforbruk på i underkant av kr 200.000. Meirforbruket er knytt til overføringane til andre trussamfunn. Den katolske kyrkja har siste åra ikkje fått utbetalt støtte på grunn av pågåande rettssak. Denne er no avgjort og det er foretatt oppgjør i tråd med denne. Dette vart tatt omsyn til ved ein budsjettrevisjon, men auka medlemstal har samtidig medført at overføringane generelt har auka.</p>
<p>ANSVARSGRUPPE 21 - GRUNNSKULETENESTER:</p> <p>Avvik rekneskap/budsjett kr 1.602.308 (+ 1,34 %)</p> <p>Grunnskuleeininga hadde i 2019 eit meirforbruk på ca. kr 1,6 millionar. Hovudgrunnen til dette er knytt til ressurskrevjande brukarar. Eininga har også hatt ekstra kostnader knytt til kompetansebygging, auka sjukefråvær, auka straumutgifter og kostnader knytt til kommunesamanslåinga.</p>
<p>ANSVARSGRUPPE 23 - BARNEHAGETENESTER:</p> <p>Avvik rekneskap/budsjett kr 1.341.034 (+ 1,68 %)</p> <p>Barnehageeininga hadde i 2019 eit meirforbruk på ca. kr 1,3 millionar. Hovudgrunnen til dette er knytt til overforbruk på tilskot til private barnehagar.</p>
<p>ANSVARSGRUPPE 25 – BARN, FAMILIE OG INTEGRERING:</p> <p>Avvik rekneskap/budsjett kr 321.673 (+ 0,69 %)</p> <p>Eininga for Barn, familie og integrering hadde i 2019 eit meirforbruk på ca. kr 300.000. Dei fleste områda ligg under budsjettet, men overforbruk innanfor kommunale sosialtenester og «andre sosiale formål» gjer at ein kjem ut med eit lite meirforbruk.</p>

ANSVARSGRUPPE 31 – HELSETENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr 8.466131 (+ 12,74 %)

Eininga for helsetenester hadde i 2019 eit meirforbruk på ca. kr 8,5 millionar. Hovudgrunnen til dette er knytt til meirforbruk knytt til legetenesta og butenesta. Kostnadane knytt til drifta har vore svært usikre spesielt knytt opp mot det nye legekontoret i Vatne/Tennfjord-området. Ein har og måtta nytte vikarbyrå for å dekkje opp ledige fastlegelister ved fleire av kontora. I tillegg kom det endringar i regelverket for refusjon frå Helfo til lege/kommune i denne perioden.

Ein gjennomgang av dei individuelle behova og vedtaka til brukarane knytt til butenesta viste at det var behov for 18,5 nye årsverk. Kommunen sitt behov knytt til dette vart godkjent av kommunestyret og med tilleggsløyving for å dekkje opp meirkostnadar. Årsresultatet viser likevel eit meirforbruk. Av dette er ein stor del overtid og ekstravakter på grunn av mangel på personal før tilsettingane vart gjort. Opplæring og kursing til dei tilsette, noko nytt inventar og utsyr ved oppstart av ny base, samt ein ny kostnad knytt til omsorgsløn har også påverka resultatet. Her er det eingongskostnader i samband med omlegginga i 2019 som ein ventar kan reduserast noko frå 2020.

ANSVARSGRUPPE 33 – OMSORGSTENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr 4.092.442 (+ 2,82 %)

Eining for omsorgstenester hadde i 2019 eit meirforbruk på ca. kr 4,1 millionar. Meirforbruket er knytt til både institusjonsdrift og til heimebaserte tenester. Ein har gjennom året ikkje klart å redusere utgiftene tilsvarande tildelte budsjetttrammer i 2019. Eininga har hatt høgt sjukefråvær, det har vore vanskelig å skaffe rett kompetanse, og ein har måtta nytta seg av vikarbyrå. Eininga har også fleire ressurskrevjande brukarar.

ANSVARSGRUPPE 51 – BYGGESAK, LANDBRUK OG AREALFORVALTNING:

Avvik rekneskap/budsjett - kr 2.363.822 (- 30,13 %)

Eining for byggesak, landbruk og arealforvaltning hadde i 2019 eit mindreforbruk på ca. kr 2,4 millionar. Eininga fekk mellom anna tilført midlar til scanning av byggesaksarkivet, men dette kom berre delvis i gong i 2019. Eininga får derfor eit større mindreforbruk.

ANSVARSGRUPPE 52 – EIGEDOM OG TEKNISK DRIFT:

Avvik rekneskap/budsjett kr 4.885.156 (+ 18,48 %)

Eining for Eigedom og teknisk drift hadde i 2019 eit meirforbruk på ca. kr 4,9 millionar. Kostnadane knytt til brann vart større enn rekna med grunna større aktivitet på øvingar og utrykningar enn forutsatt. Ålesund kommune har vore vertskommune for Haram knytt til brann, og aktiviteten har vore styrt frå Ålesund brannvesen. Innanfor reinhald var sjukefråværet høgt og med høgare lønskostnadar for vikarbruk enn det ein har fått inn i sjukelønsrefusjon. Ut over dette har ein hatt høgare husleigekostnadar og lågare husleigeinntekter enn rekna med i budsjettet.

ANSVARSGRUPPE 53 – KULTUR, FRITID OG MILJØ:

Avvik rekneskap/budsjett - kr 22.348 (- 0,15 %)

Eininga for Kultur, fritid og miljø har i 2019 hatt eit forbruk om lag som budsjettet.

5. Organisasjons- og medarbeidarperspektivet

Gode og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for å levere gode tenester til innbyggjarane. Løn utgjør dei største kommunale utgiftene, og ein god personalpolitikk og medarbeidarar som trivest på jobb er ei god investering. Kommunen har klart å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar på dei fleste tenestemråde, og har mange dyktige medarbeidarar som blir overført til den nye kommunen frå 2020.

Arbeidet med kommunesamanslåing har hatt hovudfokus gjennom heile året, og nesten all fokus siste halvår. Arbeidet har involvert tilsette på alle nivå og frå alle fagtenester i kommunen. Trykket var særleg tungt på administrative nøkkelfunksjonar, men i heile organisasjonen merkast det når mange tilsette og leiarar/mellomleiarar får store tilleggsoppgåver med korte tidsfristar og stort fråvær grunna møteaktivitet. For dei fleste kjem dette i tillegg til ordinære arbeidsoppgåver, og belastninga har vore høg på dei som har halde fast i driftsoppgåvene. I tillegg var det mykje ekstra arbeid i samband med flytting til det nye tenestehuset.

Det har vore nødvendig å redusere ambisjonane på mange område i eigen organisasjon for å kunne bidra til å halde framdrift i samanslåingsprosjektet. Det har gjort harde prioriteringar nødvendig. Både politisk og administrativ leiing har kjent på dette ansvaret og bidratt til å legge til rette for å bringe prosessen i mål. Organisasjonen har til dels lidd under fråverande leiing og fleire styringslinjer. Det har gått ut over både dei tilsette og mulegheit for oppfølging av den enkelte medarbeidar, interne system og rutinar og internkontroll generelt. Ein har likevel unngått uheldige eller alvorlege hendingar. Det er grunn til å rose dei tilsette og arbeidstakarorganisasjonane for stå-på vilje og samarbeidsevne i det siste året i kommunens historie.

Rekruttering:

Konkurransen om kvalifisert arbeidskraft merkast særleg innan helse- og omsorgssektoren, Her har ein måtte nytta innleige og vikarbyrå i større omfang enn planlagt. Nye krav til lærarkompetanse og barnehagepedagogar, samtidig med naturleg avgang gjer at kommunen har måtte operert med nokre dispensasjonar. Ein såg i 2019 aukande rekrutteringsutfordringar i grunnskulen i forhold til tidlegare. Kommunen har hatt lærarar med i den nasjonale satsinga "Lærarløftet - på lag for kunnskapsskolen".

Rekruttering av fastlegar er ei utfordring som mange kommunar merkar når nokon sluttar. Kommunen har innført ordning med kommunalt tilsette fastlegar ved Vatne legekontor, og har lukkast med nyrekruttering på dette grunnlaget. I tillegg er kommunen tildelt midlar gjennom Aleris prosjektet og har fått tilsett legar også gjennom denne ordninga i 2019.

Kampen om arbeidskrafta blir ikkje mindre framover, og ein må rekne med å nytte ulike verkemiddel for å søke å imøtekome utfordringa i åra som kjem. Kommunen har nytta lønspolitisk plan som eit tiltak, men dette må også andre målretta tiltak for å rekruttere og behalde tilsette. Kommunen sette ikkje i gang nye rekrutterings- eller kompetansetiltak i 2019, då dette må ivaretakast av den nye kommunen for framtida. Ekstraordinære tiltak for å møte konkurransen om sjukeplemangelen som vart innført som prøveordning i 2018 vart ikkje vidareført.

6. Sjukefråvær

Haram kommune har som målsetting at sjukefråværet gjennom året skal vere på 7% eller lågare. 2019 viste ein fråværsprosent på 8,5 %, noko som er ein del høgare enn tilfelle har vore dei siste åra.

Sjukefråværet varierer frå eining til eining. Siste åra har sjukefråværet fordelt seg slik:

EINING	Heile året		
	2019	2018	2017
Stab/støtte	4,8 %	4,1 %	5,4 %
Grunnskuletenester	6,8 %	5,8 %	5,1 %
Barnehagetenester	10,6 %	8,2 %	9,5 %
Familie, barn og integrering	8,3 %	4,1 %	5,2 %
Helsetenester	8,3 %	7,7 %	6,1 %
Omsorgstenester	11,2 %	8,9 %	11,4 %
Byggesak, landbruk og arealforv.	7,2 %	2,1 %	7,9 %
Eigedom og teknisk drift	5,2 %	7,8 %	7,9 %
Kultur, fritid og miljø	1,1 %	5,2 %	4,6 %
SAMLA HEILE KOMMUNEN:	8,5 %	7,0 %	7,8 %

Sjukefråværsarbeidet

Kommunestyret har gitt sterke politiske føringar om å arbeide for eit redusert sjukefråvær dei siste tre åra. Satsinga har hatt for auge særleg å bidra til redusert sjukefråvær i dei største sektorane, og førebyggje auka sjukefråvær i samband med kommunesamanslåingsprosessen. Dette vart følgt opp også i 2019, men med alt arbeidet rundt kommunesamanslåinga måtte intensiteten reduserast noko. Samla sjukefråvær var på 7% i 2018. Målet var det same for 2019, men samla sjukefråvær gjekk då litt opp til 8,5%. Resultatet kan delvist sjåast i samanheng med ekstra belastning og mindre fokus på dette arbeidet i samband med samanslåingsprosessen. Kommunen har i 2019 fortsatt satsinga, men har ikkje greidd å oppretthalde nedgangen. Det er imidlertid vanskelig å seie om fråværet ville ha vore enno høgare om ein ikkje hadde satsinga i den fasen kommunen har vore gjennom dette siste året.

NED satsing:

Mykje av dei ressursane ein har hatt til rådighet har gått til arbeidet med Nye Ålesund, men ein har likevel i 2019 valgt å ha ei satsing på heiltid og NED. Haram kommune har vore med på KS og NAV si NED-satsing for reduksjon av sjukefråvær sidan våren 2018. Våren 2019 vart det halde ei samling for ca 50 leiarar med oppsummering av arbeidet så langt og vidare arbeid framover på dei ulike arbeidsplassane. Kommunen har og hatt ei arbeidsgruppe med på den vidare satsinga til KS. Dette arbeidet gjekk over tre samlingar fom mai tom november 2019, men tilhøyrande arbeid mellom samlingane. Arbeidsgruppa på sju var samansett av personar frå einingsleiarnivå, avdelingsleiarnivå, personal og hovudverneombod.

Heiltid:

Haram kommune har hatt heiltidskultur på dagsorden i lengre tid. Kommunen deltok på KS sin konferanse i mai 2019, og var raskt ute med å melde interesse for deltaking i det vidare arbeidet i regi av KS. Dette arbeidet gjekk vidare med to arbeidsverkstadar samt ny heiltidskonferanse haust 2019. Den første arbeidsverkstaden deltok Haram kommune på i kraft av å vere eigen kommune. I arbeidet fram mot neste konferanse i februar 2020 gjekk ein saman med det som var naturlege deltakarar i ny kommune frå 01.01.2020. Arbeidet med heiltidskultur vil det vere større potensiale for å løfte vidare i ein ny og større kommune.


1. DRIFTSREKNESKAPEN

Driftsrekneskapen for 2019 viser eit rekneskapsmessig resultat på pluss kr. 30.172.804. Sjå elles under pkt. 1.5.

1.1 Driftsutgifter og – inntekter

1.1.1 Driftsinntekter

Driftsinntektene i 2019 utgjer 732,7 millionar kroner, og fordeler seg slik:



Omlag tre firedelar av driftsinntektene til kommunen kjem frå skatt og rammetilskot, vel 73%. Inntekter frå brukarane av kommunen sine tenester står for til saman 11%. Refusjonar eller tilskot der det vert stilt krav til motyting frå kommunen si side er kalla overføringsinntekter. Dette gjeld t.d. dei fleste øymerka tilskot.


Skatteinntektene for 2019 var om lag 266 millionar, medan det var budsjettert med 275 millionar. Skatteinntektene var såleis ein del under budsjettert, men utjamning kompenserte for dette og endå litt.

Ordinært rammetilskot utgjorde i 2019 om lag 268,1 millionar kroner; 17,5 millionar høgare enn budsjettert. Auken i rammetilskot skuldast at det gjennom ordninga med løypande inntektsutjamning vert rammetilskotet justert i høve til skatteinntektene. Det kan sjå ut til at skatteinntektene no har stabilisert seg på eit noko lågare nivå enn tidlegare, ein god del i underkant av landsnittet. Utviklinga på landsbasis var betre enn anslaga i både startsbudsjettet og revidert, og slik leis gav ekstra inntektsutjamning til Haram.

Sett under eitt er driftsinntektene 46,8 millionar høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak positivt avvik i overføringar med krav til motyting på om lag 34,1 millionar kroner.

1.1.2 Driftsutgifter

Kommunen hadde i 2019 driftsutgifter på 768,7 millionar kroner. Det er en auke på 66 millionar eller 9,4% frå 2018. Utgiftene fordelt på art er vist i figuren nedanfor:



Løn og sosiale utgifter er den største driftsutgiften til kommunen, og utgjør vel 64,2 %. Disse utgiftene kom på 493,4 millionar kroner, og er 2 millionar over det som var budsjettert. Isolert sett ligg lønsutgiftene endå meir over det budsjetterte (13,7mill), men sosiale utgifter er vesentlig lågare enn budsjettert. Dei siste to åra har det vore ei betydelig auke i lønnsutgifter.

Innsatsfaktorar gjeld kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen. Det som i figuren er kalla kjøp av tenester gjeld kjøp av tenester som erstattar eigen produksjon. Overføringar gjeld ytingar kommunen ikkje krev motyting for, t.d. ulike driftstilskot, sosialhjelp, m.m. Avskrivningar er eit uttrykk for kostnader knytt til at kapital er bunden opp i bygningar, vegar, tekniske anlegg o.l.

Dei totale driftsutgiftene er 49,1 millionar høgare enn budsjettert. Auka aktivitet har gitt auka lønsutgifter, auka innsatsfaktorar, auka overføringar til andre/private og auka avskrivningar.

1.2 Brutto driftsresultat

Rekneskapan viser eit negativt driftsresultat på -36 millionar kroner. Ettersom ein i 2019 budsjetterte med eit negativt brutto driftsresultat på -33,7 millionar, blei altså brutto driftsresultat knappe 2,3 millionar dårlegare enn budsjettert, dvs. om lag som budsjettert. Kommunen fikk imidlertid negativt netto driftsresultat på -5,9 millionar kroner, veldig mykje betre enn budsjettert negativt netto driftsresultat 36,8 millionar kroner. Betydelig bruk av disposisjonsfond og andre fond er grunnlaget for budsjettert negativt driftsresultat. I hovudsak var det ei utruleg god finansavkastning i 2019 som gjorde at ein fekk eit mykje betre netto driftsregnskapsresultat enn budsjettert og då eit rekneskapsmessig overskot på over 30 millionar.

Brutto driftsresultat skal dekkje netto finansutgifter og eventuelle avsetjingar. Over tid må såleis brutto driftsresultat vere positivt og minst like stort som netto finansutgifter.

1.3 Finansutgifter og – inntekter

Renter: Renteutgiftene vart i 2019 på 23,2 millionar kroner, om lag 0,8 million lågare enn budsjettet. Renteinntektene vart 11,86 millionar kroner. Dette er 8,4 millionar kroner meir enn budsjettet. Når ein ser vekk frå avkastninga på plasserte langsiktige midlar hadde kommunen netto renteutgifter på 11,38 millionar kroner, 9,2 millionar betre enn budsjettet.

Avkastning: Avkastninga på investeringsfondet vart i 2019 veldig positiv med om lag 37,3 millionar kroner. Det var budsjettet med positiv avkastning på 22 millionar kroner.

Avdrag: Kommunen betalte 29,1 millionar kroner i ordinære avdrag på sine lån (ekskl. startlån) i 2019, om lag som budsjettet. Ekstraordinære avdrag andre utlån på 4 millionar er ført i investeringsrekneskapen. Herav avdrag på startlån er betalt med 1,4 millionar kroner. Det er og avsett bunde avdragsfond for startlån på om lag 5,5 millionar.

Utlån: I driftsrekneskapen finn ein berre transaksjonar som gjeld utlån av eigne midlar og sosiallån. Formidlingslån/Startlån/Andre utlån vert rekneskapsført i investeringsrekneskapen. Rentene ligg i driftsrekneskapen.

Finansresultat: Rekneskapen viser eit negativt finansresultat på -3,3 millionar kroner, medan det var budsjettet med eit negativt finansresultat på -27,5 millionar.

1.4 Netto driftsresultat

Rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på knappe -5,9 millionar kroner, medan det var budsjettet med eit negativt resultat på omlag -36,8 millionar kroner.

Netto driftsresultat viser kommunen sin evne til å fram skaffe midlar gjennom drifta til finansiering av investeringar eller andre kapitalformål.

For 2019 utgjer netto driftsresultat knappe -0,81% av brutto inntekter. Dersom kommunen sin formue skal oppretthaldast, bør netto driftsresultat vere om lag 1,75% av brutto inntekter over tid.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane.

1.5 Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk

Rekneskapen for 2019 er oppgjort med eit rekneskapsmessig overskot på kr. 30.174.804,18 etter alle avsetningar.

1.6 Prioritering – utgifter pr. føremål


Hittil i analysen er det sett på korleis kommunen sine inntekter fordeler seg på ulike inntektskjelder, og kva type utgifter desse inntektene vert brukt til. Det er også interessant å vite kva føremål inntektene vert brukt til.

Skatt, rammetilskot og andre generelle statstilskot kan kommunen disponere som den sjølv ønskje. Desse inntektene vert difor gjerne kalla frie disponible inntekter. Desse inntektene må dekkje netto finansutgifter, og den del av utgiftene til drift som ikkje vert dekkja gjennom øyremerka tilskot. Korleis dei frie inntektene blir disponert viser seg gjennom korleis netto utgifter til drift fordeler seg på ulike føremål, og dette seier noko om kommunen sine prioriteringar.

1.6.1 Netto utgifter

Budsjettet for 2019 vart i kommunestyret vedteke med nettoløyvingar til 11 ansvarsområde/einingar. Figuren nedanfor viser korleis netto utgifter til drift fordeler seg på desse ansvarsområda.

Prioritering - netto utgifter til drift pr. eining




21,5% av midlane som vert brukt til drift av dei kommunale tenestene går til drift av grunnskulane. Omsorgstenester er no størst og står for drift av eldreinstitusjonar og heimebasert omsorg. 26,5% av nettoutgiftene står dette området for. Barnehagetenester som omfattar drift av dei kommunale barnehagane og tilskot til dei private, står for 14,4% av kommunens netto utgifter. Sosialtenestene, som omfattar sosialkontor, butenesta, avlastingsbustadar og avlastningstiltak, blei i 2016 oppdelt mellom

Helsetenester og Barn, familie og integrering. Helsetenestene, som også omfattar lege, fysioterapi, ergoterapi, tannhelse, psykiatri med meir står no for 13,3% av nettoutgiftene. Eininga stab/støtte/næring for 4,2% og Barn, familie og integrering, som også er barnevern, helsestasjon, jordmor og PPT, står også for 8,4% av nettoutgiftene. Egedomsforvaltning og teknisk drift står får 5,6% av nettoutgiftene, mens Byggesak, landbruk og areal som i hovudsak er eit sjølvkostområde, berre om lag 1 %

1.6.2 Brutto utgifter

Brutto utgifter indikerer volum på og kostnader knytt til produksjon av dei kommunale tenestene. Kapitalkostnader er inkludert som avskrivningar. Samanlikna med netto utgifter er fordelinga noko ulik. Dette skuldast at tenesteområda er ulike med omsyn til høve til å ta betaling frå brukarane, og med omsyn til kor vidt staten eller andre gjev direkte tilskot til drifta.

Brutto utgifter pr. eining



1.7 Budsjettavvik

Tabellen nedanfor viser avvik mellom rekneskap og budsjett i netto utgifter. Negativt forteikn tyder at faktisk forbruk er mindre enn budsjettet. Sjå elles kommentarar under – Økonomirapport – tidlegare i årsmeldinga.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik (R-B)	Avvik i %
10 Politisk	5 229 225	6 526 000	-1 296 775	-19,87 %
11 Stab/støtte m.m.	23 817 533	28 234 000	-4 416 467	-15,64 %
13 Tilskot kyrkjeleg fellesråd	8 328 295	8 147 000	181 295	2,23 %
21 Grunnskuletenester	121 164 308	119 562 000	1 602 308	1,34 %
23 Barnehagetenester	81 176 034	79 835 000	1 341 034	1,68 %
25 Barn, familie og integrering	47 270 673	46 949 000	321 673	0,69 %
31 Helsetenester	74 905 131	66 439 000	8 466 131	12,74 %
33 Omsorgstenester	149 192 441	145 099 000	4 093 441	2,82 %
51 Byggesak, landbruk og areal	5 481 178	7 845 000	-2 363 822	-30,13 %
52 Eigedom og teknisk drift	31 318 156	26 433 000	4 885 156	18,48 %
53 Kultur, fritid og miljø	14 827 348	14 805 000	22 348	0,15 %
SUM	562 710 322	549 874 000	12 836 322	2,33 %



2. INVESTERINGSREKNESKAP OG BALANSE

2.1 Investeringar i anleggsmidlar

Kommunen hadde i 2019 brutto investeringar på om lag 432,5 millionar kroner, mot 59,2 millionar i 2018. 324 millionar var imidlertid overføringar til blant anna Nordøyvegen og slik sett ikkje investeringar. Året vart prega av mange mindre investeringar og større prosjekt i oppstart og prosjekteringsfase. Ein kan nemne rehabilitering av skuler og formålsbygg, prosjektering for ny fellesskule på Eidet, vegar og trafikktrygging, brannvern, innflytting i nytt tenestehus, it-investeringar i administrasjon og spesielt skule, tilskot anlegg Fellesrådet, Enøk tiltak, samt diverse anlegg på vatn og avlaup. Sjå eigen note i rekneskapet.

2.2 Andre utgifter i investeringsrekneskapen

Investeringar knytt til pliktig eigenkapitalinnskot i KLP er på kr 1.857.371 og ny aksjekapital i Haram Industrier AS på kr 1.500.000.

2.2.1 Formidlingslån og andre utlån

I 2019 betalte kommunen ut om lag 27,3 millionar kroner i nye startlån. Dette blei finansiert gjennom nytt låneopptak, samt restlånemidlar frå tidlegare år. Alle transaksjonar som gjeld vidareutlån av midlar frå Husbanken blir ført i investeringsrekneskapen, men rentene i samband med slike lån førast i driftsrekneskapen. Det vart gitt eit rentefritt utlån på 15 mill med 10 år nedbetaling til forskotering av leige for Søvik Fleirbrukshall.

2.3 Likviditet

2.3.1 Arbeidskapital

Frå 2018 til 2019 vart arbeidskapitalen redusert med 136,5 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak utbetaling av tilskotet til Nordøyvegen på om lag 312 mill.

Arbeidskapital er definert som omløpsmidlar fråtrekt kortsiktig gjeld, og kan sjåast på som eit uttrykk for handlingsrom. Ein stor del av kommunen sine omløpsmidlar består av aksjar og obligasjonar, og har avgrensa likviditet. Verdien på desse plasseringane varierer, og det er difor uheldig om kommunen må realisere desse verdiane på ugunstige tidspunkt. For å seie meir om likviditeten bør ein difor også sjå på dei mest likvide omløpsmidlane, bankinnskot, i høve til kortsiktig gjeld.

2.4 Finansiering


Mesteparten av utgiftene er finansiert gjennom bruk av lånemidlar på totalt 98,8 millionar kroner, 56,5 millionar eksklusiv startlån og andre utlån. Andre finansieringskjelder er blant anna statstilskot, salsinntekter og refusjonar.

2.5 Låneopptak i året og total gjeld ved utgangen av året


Det vart tatt opp 277,74 millionar kroner i nye lån. Av dette 30 millionar kroner i startlån i Husbanken.

Langsiktig gjeld ved utgangen av 2019 var kr. 1.211,7 mill. kr, og er ei auke på 244,67 millionar i høve til 2018. Nettogjelda, langsiktig gjeld fråtrekt totale utlån og ubrukte lånemidlar, utgjer 783,7 millionar kr. Innbyggjartal per 31.12.19 er 9 352 som gir ei KOSTRA definert lånegjeld pr. innbyggjar på kr 87.657, mot kr 83 856 i 2018 (92 965 i 2017). Som forventa har lånegjelda gått noko opp i 2019, men fortsatt ein del lågare enn i 2017.

Utvikling lånegjeld




Gj.sn. nedbetalingstid




Belasta nettoavdrag i 2019 utgjorde 33 millioner kroner, inkl. ekstraordinære avdrag på 2,5 millioner kroner på investeringar (avdrag startlån er halde utafor). Gjennomsnittleg nedbetalingstid for lånegjelda er på 32 år. Utviklinga i total gjeld, avdrag og nedbetalingstid er vist i figurane.

Renter og avdrag i % av gjennomsnittleg gjeld



Renteutgiftene i prosent av gjelda har auka noko i høve til i fjor. Dette skuldast i hovudsak noko høgare renter i 2019, men fortsatt veldig lave nivå. Ordinære avdrag i høve til gjeld utgjør kr. 29 millioner kroner for 2019. Med ekstraordinære avdrag utgjør betalte avdrag 2,9% av gjennomsnittleg gjeld for 2019, dette er på snitt.

Totalbilde Aktiva - Passiva



Når ein skal vurdere kommunens gjeldsbelastning og risiko, er det særst viktig å dele opp gjelda for å syne kva som er kva. Figuren over syner dette og gir eit meir nyansert bilete enn KOSTRA-tala.

Kommunen svarar sjølv for den vanlige gjelda, om lag 675 millionar kroner. Ein må også sjå dette saman med aktiva sida som for Haram kommune er på vel 600 millionar kroner (finansplasseringar, samt unytta lånemidlar plasserts om likviditet). Totalbilete syner difor ein lav renterisiko, her illustrert med den gule/raude boksen, om lag 77,9 millionar kroner av ei total gjeld på 1.211 mill. kroner.

Haram kommune hadde fram til 2011 ca. 20% rentesikring (150 millionar), gjennom ein renteswap som gjekk til 2016, denne vart forlenga til 2021. På grunn av gode rentevilkår ved inngangen på 2014 vart det i tillegg sikra ein større del, omlag 30% fordelt på 5 og 10 år.

3. ØKONOMISKE NØKKELTAL

	R-2016	R-2017	R-2018	R-2019
Skattedekningsgrad	38,3 %	34,9 %	35,4 %	34,6 %
(skatt / brutto driftsutg. eks. renter og avdrag)				
Rammedekningsgrad	36,0 %	38,0 %	37,9 %	34,9 %
(rammetilskot / brutto driftsutg)				
Skatt & rammedekningsgrad	74,3 %	72,9 %	73,3 %	69,5 %
Lånefinansiering	78,7 %	80,4 %	85,9 %	25,5 %
(bruk av lån nybygg & anlegg / bruttoinvest.)				
Eigenfinansieringsevne	0,7 %	15,6 %	-13,6 %	-1,5 %
(netto driftsresultat / bruttoinvesteringar)				

Skattedekningsgraden er knapt lågare enn for 2018. Rammdekninggraden ein god del lågare enn i fjor. Ordninga med løypande inntektsutjamning gjer at ein bør sjå utviklinga i dei frie inntektene samla. Sett under eit dekkjer skatt og ramme ein god del mindre enn dei gjorde i 2018. Hovudårsaka er den store bruken av reservar og fond som finansieringskilde.

Lånefinansieringsgraden er på 25,5 prosent, mykje høgare enn i fjor, men dette er grunna bruken av fond, spesielt Nordøyvegfondet som blei utbetalt til Fylkeskommunen. Eigenfinansieringsevna viser at kommunen har lite høve til å dekke investeringane utan lånemidlar da ein treng tilstrekkeleg buffer på driftssida. Det er også lite formålstenleg for ei kommune å ikkje lånefinansierte investeringar da det heilt klart er det mest økonomisk gunstige.

4. MIDLAR Plassert i AKSJER, OBLIGASJONAR OG LIKVIDITETFOND

Ein vesentleg del av kommunen sine omløpsmidlar er plassert i aksjar, obligasjonar og likviditetsfond. Utviklinga på børsen påverkar verdien av denne porteføljen, og året 2019 gav betydeleg positiv avkastning.

Plasseringa og avkastninga for 2019 går fram av tabellane nedanfor:

AKSJER OG OBLIGASJONER

	Innestående	Uttak/innskudd	Bokført avkast.	Bokført verdi
	31.12.2018	i året	2019	31.12.2019
Carnegie Aktiv Forvaltning	0	0	0	0
Odin Forvaltning	53 895 322	0	7 451 516	61 346 838
Spbmøre Aktiv Forvaltning	65 193 464	0	9 674 379	74 867 843
Forte Fondsforvaltning	63 004 867	0	6 758 631	69 763 498
Pareto Forvaltning ASA	62 505 335	0	7 161 936	69 667 271
NMK - Plassering	14 455 000	-20 683 981	6 228 981	0
SUM	259 053 988	-20 683 981	37 275 443	275 645 450

LIKVIDITETFOND

	Innestående	Uttak/innskudd	Bokført avkast.	Bokført verdi
	31.12.2018	i året	2019	31.12.2019
Pareto Likviditet	12 576 553	0	591 771	13 168 324
Forte Likviditet	22 625 930	0	1 269 421	23 895 351
SUM	35 202 483	0	1 861 192	37 063 675







5. KOSTRA – STATESTIKK OG SAMANLIKNING

SAMANLIKNING AV KOSTRA-TAL – Utvalte nøkkeltal

(Tala for 2019 er ureviderte tal pr. 16.03.19)







Data om teneste og tenestemottakar i omsorgstenesta var ikkje tilgjengeleg pr. 16.03, og vil først bli publisert når alle data er blitt innrapportert.


Finansielle nøkkeltal:



Prioritering:

- Kor mykje av kommunen sine eigne pengar kommunen "vel" å bruke til dei enkelte tenesteområda
- Pr. innbyggjar i målgruppa for den aktuelle tenesta, eller i prosent av samla netto driftsutgifter










Netto driftsutgifter : driftsutgiftene inkl. avskrivningar minus driftsinntektene (bl.a. øyremerka statstilskot og andre direkte inntekter)

Resten av utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter og rammeoverføringar frå staten.


Dekningsgrad:




Andel einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar




Sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjarar over 18år



Barn m/ barnevernstiltak i forhold til innbyggjarane 0-22 år



Kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggjar




Produktivitet / einingskostnad:


- Korrigerte brutto driftsutgifter omfattar driftsutgiftene ved kommunen **sin eigen tenesteproduksjon inkl. MVA-utgift og avskrivningar minus dobbeltføringar i dei kommunale rekneskap som skuldast vidarefordeling av utgifter/internkjøp mv.**

- Pr. kommunal bruker eller produsert eining.


Korrigerte brutto driftsutg pr barn - kommunal barnehage




Korrigerte brutto driftsutg pr elev - grunnskule, lokale og skyss




Gjennomsnittlig gruppestorleik - ungdomsskulen




Korrigerte brutto driftsutg pr plass - kommunal institusjon




Årsgebyr ex mva - vassforsyning




Årsgebyr ex mva - avlaupstenesta



Årsgebyr ex mva - avfallstenesta



Brutto driftsutg pr km kommunal vei/gate



Brutto driftsutgifter pr. kommunal bruker eller produsert eining blir nytta for fleire nøkkeltalsområde i staden for korrigerte brutto driftsutgifter for å vise produktivitet/einingskostnad. Dette blir gjort på område der kommunen i **stor grad kjøper tenester** i staden for å produsere dei sjølv.

* Manglande søyler (null) skuldast manglande innmeld statistisk materiale.
Kjelde: Kostra statistikk frå SSB (www.ssb.no)



HARAM

World-Class Team Builders





HARAM
KOMMUNE

Rekneskap 2019





Innholdsfortegning

<i>Rekneskapsskjema 1A</i>	<i>Haram kommune – Drift 2019</i>	2
<i>Rekneskapsskjema 1B</i>	<i>Haram kommune – Drift 2019</i>	3
<i>Rekneskapsskjema 2A</i>	<i>Haram kommune – Investering 2019</i>	5
<i>Rekneskapsskjema 2B</i>	<i>Haram kommune – Investering 2019</i>	6
<i>Hovudoversikt</i>	<i>Haram kommune – Driftsrekneskap 2019</i>	7
<i>Hovudoversikt</i>	<i>Haram kommune – Investeringsrekneskap 2019</i>	8
<i>Hovudoversikt</i>	<i>Haram kommune – Balanserekneskap 2019</i>	9
<i>Hovudoversikt</i>	<i>Haram kommune – Balanserekneskap 2019</i>	10
<i>Notar – Rekneskapsprinsipp og organisering</i>		11
<i>Notar – Kapitalkonto</i>		12
<i>Notar – Kommunen sitt garantiansvar</i>		13
<i>Notar – Anskaffing og bruk av midlar</i>		14
<i>Notar – Endring i arbeidskapital</i>		14
<i>Notar – Pensjonsordningane i kommunen</i>		15
<i>Notar – Investeringsfondet</i>		20
<i>Notar – Andre fond</i>		20
<i>Notar – Aksjar og andelar i varig eige</i>		20
<i>Notar – Sal av finansielle anleggsmidlar</i>		20
<i>Notar – Avsetning og bruk av fond</i>		21
<i>Notar – Marknadsbaserte finansielle midlar</i>		22
<i>Notar – Langsiktig gjeld og avdrag</i>		23
<i>Notar – Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk</i>		24
<i>Notar – Andre forpliktingar</i>		24
<i>Notar – Tal på årsverk og ytingar til leiande personar og revisor</i>		25
<i>Notar – Fordringar og gjeld til eigne KF</i>		25
<i>Notar – Fordringar og gjeld samanslåingskommunar</i>		25
<i>Notar – Anleggsmidlar</i>		26
<i>Notar – Sjølvkostområda</i>		27
<i>Notar – Nybygg/-anlegg m/finansiering</i>		37
<i>Vedlegg</i>	<i>Haram kommune – Driftsrekneskap 2019</i>	43
<i>Vedlegg</i>	<i>Haram kommune – Investeringsrekneskap 2019</i>	67
<i>Vedlegg</i>	<i>Haram kommune – Balanserekneskap 2019</i>	73



	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap i fjor
1. Skatt på inntekt og formue	265 960 588	275 024 000	273 024 000	248 948 885
2. Ordinært rammetilskudd	268 101 735	250 607 000	250 607 000	266 125 467
3. Skatt på eiendom	0	0	0	0
4. Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0
5. Andre generelle statstilskudd	13 249 448	14 575 685	13 800 000	23 446 846
6. Sum frie disponible inntekter	547 311 771	540 206 685	537 431 000	538 521 198
7. Renteinntekter og utbytte	11 862 047	3 493 000	3 493 000	9 055 719
8. Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	37 275 443	22 000 000	22 000 000	0
9. Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	23 239 647	24 000 000	25 000 000	20 802 603
10. Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	1 053 086
11. Avdrag på lån	29 081 266	29 000 000	30 000 000	29 500 000
12. Netto finansinnt./utg.	-3 183 423	-27 507 000	-29 507 000	-42 299 970
13. Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
14. Til ubundne avsetninger	3 171 579	3 171 579	0	30 258 347
15. Til bundne avsetninger	3 006 621	890 000	890 000	1 332 006
16. Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	2 395 893	2 395 894	0	21 313 401
17. Bruk av ubundne avsetninger	28 200 000	28 200 000	14 810 000	13 070 000
18. Bruk av bundne avsetninger	11 690 290	10 226 000	7 226 000	6 183 350
19. Netto avsetninger	36 107 984	36 760 315	21 146 000	8 976 398
20. Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
21. Til fordeling drift	580 236 331	549 460 000	529 070 000	505 197 626
22. Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	550 061 527	549 460 000	529 070 000	502 801 732
23. Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	30 174 804	0	0	2 395 894

*1. Skatteanslaget er basert på KMD sin modell for utrekning av skatt og rammetilskot.

*5. Dei generelle statstilskota er spesifisert i budsjettet under ansvarsområde 90.



	Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 20178
Hovudansvar 10: Politisk				
Utgifter	5 801 004	7 082 000	7 091 000	4 993 125
Inntekter	-571 779	-556 000	-556 000	-505 500
Netto drift	5 229 225	6 526 000	6 535 000	4 487 624
Hovudansvar 11: Stab/støtte m.m.				
Utgifter	38 144 829	38 058 000	37 889 000	36 440 455
Inntekter	-14 327 296	-9 824 000	-9 824 000	-9 650 066
Netto drift	23 817 533	28 234 000	28 065 000	26 790 389
Hovudansvar 13: Tilskot kyrkjeleg fellesråd m.m.				
Utgifter	8 328 295	8 147 000	7 347 000	6 778 800
Inntekter	0	0	0	0
Netto drift	8 328 295	8 147 000	7 347 000	6 778 800
Hovudansvar 21: Grunnskuletenester				
Utgifter	156 236 516	141 171 000	134 281 000	143 294 686
Inntekter	-35 072 208	-21 609 000	-15 659 000	-28 009 318
Netto drift	121 164 308	119 562 000	118 622 000	115 285 368
Hovudansvar 23: Barnehagetenester				
Utgifter	95 009 060	90 019 000	88 484 000	89 153 833
Inntekter	-13 833 026	-10 184 000	-10 184 000	-13 477 767
Netto drift	81 176 034	79 835 000	78 300 000	75 676 066
Hovudansvar 25: Barn, familie og integrering				
Utgifter	59 687 365	58 299 000	57 999 000	62 693 699
Inntekter	-12 416 693	-11 350 000	-11 350 000	-12 204 413
Netto drift	47 270 673	46 949 000	46 649 000	50 489 286
Hovudansvar 31: Helsetenester				
Utgifter	111 378 728	93 284 000	84 334 000	87 023 028
Inntekter	-36 473 597	-26 845 000	-25 845 000	-29 254 139
Netto drift	74 905 131	66 439 000	58 489 000	57 768 889
Hovudansvar 33: Omsorgstenester				
Utgifter	195 789 083	176 435 000	167 265 000	180 023 508
Inntekter	-46 596 642	-31 336 000	-31 336 000	-43 410 971
Netto drift	149 192 441	145 099 000	135 929 000	136 612 536



	Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 20178
Hovudansvar 51: Byggesak, landbruk og areal				
Utgifter	11 539 233	13 985 000	13 925 000	10 247 357
Inntekter	-6 058 055	-6 140 000	-6 140 000	-5 424 353
Netto drift	5 481 178	7 845 000	7 785 000	4 823 004
Hovudansvar 52: Eigedom og teknisk drift				
Utgifter	102 549 015	90 666 000	90 446 000	91 591 203
Inntekter	-71 230 859	-64 233 000	-64 233 000	-70 011 280
Netto drift	31 318 156	26 433 000	26 213 000	21 579 923
Hovudansvar 53: Kultur, fritid og miljø				
Utgifter	21 448 237	21 605 000	18 550 000	19 254 548
Inntekter	-6 620 888	-6 800 000	-3 800 000	-6 936 663
Netto drift	14 827 348	14 805 000	14 750 000	12 317 885
Sum utgifter	805 911 366	738 751 000	707 611 000	731 494 242
Sum inntekter	-243 201 043	-188 877 000	-178 927 000	-218 884 470
Netto	562 710 322	549 874 000	528 684 000	512 609 772

- - - -

Justering for føringar mot hovudansvar 90 og driftseiningar for avstemming mot skjema 1 A og hovudoversikt drift

Justering mot driftseiningar

Del av andre tilskot/overføringar		0	0	
Renteinntekter	1 555	0	0	3 524
Renteutgifter	-34 947	0	0	-26 933
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetningar	11 690 290	10 226 000	7 226 000	6 183 350
Avsett til ubundne avsetningar	0	0	0	0
Avsett til bundne avsetningar	-3 006 621	-890 000	-890 000	-1 332 006

Justering mot hovudansvar 90

Statstilskot (komp.renter/avdrag)	-2 819 316	-3 200 000	-3 200 000	-2 767 472
Motpost renter/avskr. VAR	-7 234 885	-7 250 000	-7 250 000	-6 797 165
Overføring FK	949 244	1 200 000	1 200 000	0
Bundne fond	21 966	0	0	21 748
Bruk av bunde driftsfond	0	0	0	-23 755
Pensjonsavvik	-12 216 081	-500 000	3 300 000	-5 069 330
Sum fordelt til skjema 1A	550 061 527	549 460 000	529 070 000	502 801 732



	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap i fjor
Investeringar i anleggsmidlar	386 841 319	431 578 000	314 738 000	48 543 251
Utlån og forskoteringar	42 263 425	53 190 000	30 000 000	15 020 172
Kjøp av aksjar og andelar	3 487 371	3 500 000	2 000 000	6 316 962
Avdrag på lån	3 978 830	2 000 000	2 000 000	102 426 587
Dekning av tidlige års udekket	0	0	0	0
Avsetningar	14 620 635	10 882 584	0	9 187 876
Årets finansieringsbehov	451 191 580	501 150 584	348 738 000	181 494 848
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	98 826 926	365 080 000	290 100 000	56 733 567
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	118 828	2 000 000	2 000 000	12 819 546
Tilskot til investeringar	0	39 000 000	0	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	11 494 375	62 888 000	53 138 000	6 405 002
Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	16 653 205	3 500 000	3 500 000	109 033 023
Andre inntekter	0	0	0	3 086 294
Sum ekstern finansiering	127 093 334	472 468 000	348 738 000	188 077 432
Overført frå driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av tidlige års udisponert	10 882 584	10 882 584	0	0
Bruk av avsetningar	313 215 662	17 800 000	0	4 300 000
Sum finansiering	451 191 580	501 150 584	348 738 000	192 377 432
Udekket/udisponert	0	0	0	10 882 584



Ansvar	Rekneskap 2019	Buds(end) 2019	Budsjett 2019	Rekneskap 20178
1100 RÅDMANN	0	5 000 000	5 000 000	5 916
1124 SEKSJON FOR IT	4 647 751	10 000 000	10 000 000	3 649 708
1126 SEKSJON FOR FORVALTNING	0	0	0	7 539
1140 NÆRING	0	0	0	9 310
1170 FELLES	0	0	0	142 859
1300 KYRKJELEG FELLESRÅD	700 000	0	0	799 804
2110 GRUNNSKULE - UFORDELT	5 188 926	0	0	1 649 414
2113 SØVIK SKULE	0	0	0	17 663
2115 TENNFJORD SKULE	1 343 858	143 125 000	143 125 000	5 507 814
2116 VATNE BARNESKULE	0	0	0	37 922
2119 FLEM SKULE	0	0	0	12 660
2121 HARAMSØY SKULE	0	0	0	459 236
2123 BRATTVÅG UNGDOMSSKULE	175 275	0	0	80 836
2124 VATNE UNGDOMSSKULE	0	0	0	7 949
2300 ADMINISTRASJON M.M.	375 302	2 500 000	2 500 000	42 710
2530 PEDAGOGISK-PSYK.TENESTE (PPT)	0	0	0	18 152
3105 VATNE LEGEKONTOR	0	0	0	800 000
3170 RUSOMSORG	96 000	0	0	0
3300 ADMINISTRASJON M.M.	0	625 000	625 000	241 330
3309 TILDELINGSKONTOR PLO	0	0	0	16 628
3310 HARAM OMSORGSSENTER - AVD 6 ETG (adm.)	479 920	0	0	378 768
3320 EIDET OMSORGSSENTER - AVD 2 ETG (adm.)	1 538 786	0	0	2 009 499
3321 EIDET OMSORGSSENTER - AVD 3 ETG	0	0	0	118 281
3322 EIDET OMSORGSSENTER - AVD 4 ETG	694 366	0	0	610 840
3325 EIDET OMSORSSENTER - STORKJØKKEN	58 340	0	0	9 375
3330 HEIMEBASERT OMSORG (YTRE) - FASTLANDET	0	0	0	13 339
3332 HEIMEBASERT OMSORG (INDRE)	0	0	0	37 592
3335 HEIMEBASERT OMSORG (YTRE) - ØYANE	0	0	0	510
5110 BYGGESAK OG GEODATA	0	0	0	25 119
5201 VATN	10 879 515	13 000 000	13 000 000	4 002 621
5202 AVLAUP	4 781 699	20 000 000	20 000 000	4 024 840
5204 VEG	320 827 757	45 125 000	36 875 000	7 923 762
5210 BYGGEFELT BRATTVÅG-OMRÅDET	161 073	0	0	0
5211 BYGGEFELT VATNE-OMRÅDET	601 671	0	0	0
5212 BYGGEFELT SØVIK-OMRÅDET	536 652	840 000	0	0
5213 BYGGEFELT ØYANE	126 528	0	0	0
5220 KOMMUNEHUS	9 994 940	12 500 000	12 500 000	505 722
5225 KOMMUNALE FORMÅLSBYGG	2 044 421	3 000 000	500 000	176 591
5230 UTLEIGE AV HUS M.M.	150 364	1 250 000	1 250 000	383 182
5231 UTLEIGEAREAL NÆRING-KJØKKEN, BUTIKK M.M.	0	0	0	1 755 981
5240 VAKTMEISTRAR	1 005 004	0	0	6 623 391
5241 REINHOLDARAR	136 438	0	0	103 025
5242 RENOVERINGSPROSJEKT	13 959 529	51 500 000	6 250 000	4 362 301
5243 ENERGIBESPARANDE TILTAK	599 873	2 500 000	2 500 000	12 556
5250 BRANNVERN	4 341 527	11 125 000	11 125 000	868 540
5314 IDRETT OG FRILUFTSLIV	594 049	108 375 000	48 375 000	762 947
5316 KULTURHUS	801 756	1 113 000	1 113 000	0
5325 BIBLIOTEK	0	0	0	327 019
T O T A L T	386 841 319	431 578 000	314 738 000	48 543 251



Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	22 129 098	19 941 000	19 941 000	22 431 021
Andre sals- og leieinntekter	57 423 689	54 746 000	54 746 000	56 020 576
Overføringar med krav til motyting	104 694 383	70 588 000	63 638 000	87 908 423
Rammetilskot	268 101 735	250 607 000	250 607 000	266 125 467
Andre statlige overføringar	13 249 448	14 575 685	13 800 000	23 446 846
Andre overføringar	1 132 918	405 000	405 000	967 682
Skatt på inntekt og formue	265 960 588	275 024 000	273 024 000	248 948 885
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skattar	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	732 691 859	685 886 685	676 161 000	705 848 899
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	393 011 960	379 330 000	359 115 000	362 876 358
Sosiale utgifter	100 340 732	112 024 000	110 024 000	95 468 265
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	104 844 416	82 832 000	82 707 000	92 464 751
Kjøp av tenester som erstattar tj.produksjon	92 858 152	91 842 000	90 642 000	88 556 083
Overføringar	51 481 066	36 298 000	32 498 000	37 825 340
Avskrivningar	33 386 519	23 845 000	23 845 000	32 516 142
Fordelte utgifter	-7 196 009	-6 538 000	-6 538 000	-7 013 629
Sum driftsutgifter	768 726 835	719 633 000	692 293 000	702 693 309
Brutto driftsresultat	-36 034 975	-33 746 315	-16 132 000	3 155 590
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	11 862 047	3 493 000	3 493 000	9 055 719
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidlar)	37 275 443	22 000 000	22 000 000	0
Mottatte avdrag på utlån	131 150	120 000	120 000	126 134
Sum eksterne finansinntekter	49 268 639	25 613 000	25 613 000	9 181 853
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostningar	23 239 647	24 000 000	25 000 000	20 802 603
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidlar)	0	0	0	1 053 086
Avdrag på lån	29 081 266	29 000 000	30 000 000	29 500 000
Utlån	232 450	90 000	90 000	78 400
Sum eksterne finansutgifter	52 553 363	53 090 000	55 090 000	51 434 089
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-3 284 723	-27 477 000	-29 477 000	-42 252 236
Motpost avskrivningar	33 386 519	24 463 000	24 463 000	32 516 142
Netto driftsresultat	-5 933 179	-36 760 315	-21 146 000	-6 580 504
	-0,81 %	-5,36 %	-3,13 %	-0,93 %
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidligare års reknesk.m. mindreforbruk	2 395 893	2 395 894	0	21 313 401
Bruk av disposisjonsfond	28 200 000	28 200 000	14 810 000	13 070 000
Bruk av bundne fond	11 690 290	10 226 000	7 226 000	6 183 350
Sum bruk av avsetningar	42 286 183	40 821 894	22 036 000	40 566 751
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Dekning av tidligare års regnsk.m. meirforbruk	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	3 171 579	3 171 579	0	30 258 347
Avsett til bundne fond	3 006 621	890 000	890 000	1 332 006
Sum avsetningar	6 178 200	4 061 579	890 000	31 590 353
Regnskapsmessig meir/mindreforbruk	30 174 804	0	0	2 395 894



Økonomisk oversikt - investering	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap i fjor
Inntekter				
Sal av driftsmidler og fast eiendom	118 828	2 000 000	2 000 000	12 819 546
Andre salsinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til motyting	7 066 581	1 500 000	1 500 000	99 967 853
Kompensasjon for meirverdiavgift	11 494 375	62 888 000	53 138 000	6 405 002
Statlige overføringer	0	29 000 000	0	0
Andre overføringer	0	10 000 000	0	0
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	3 086 294
Sum inntekter	18 679 784	105 388 000	56 638 000	122 278 695
Utgifter	0	0	0	0
Lønnsutgifter	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	62 931 281	368 690 000	261 600 000	41 338 445
Kjøp av tenester som erstattar tj.produksjon	0	0	0	0
Overføringer	323 910 037	62 888 000	53 138 000	7 204 806
Renteutgifter og omkostningar	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	386 841 319	431 578 000	314 738 000	48 543 251
Finansstransaksjonar	0	0	0	0
Avdrag på lån	3 978 830	2 000 000	2 000 000	102 426 587
Utlån	42 263 425	53 190 000	30 000 000	15 020 172
Kjøp av aksjar og andeler	3 487 371	3 500 000	2 000 000	6 316 962
Dekning av tidligare års regnskapsmessige meirforl	0	0	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	9 092 841	10 882 584	0	0
Avsett til bundne fond investeringsfond	5 527 794	0	0	9 187 876
Sum finansieringstransaksjonar	64 350 261	69 572 584	34 000 000	132 951 597
Finansieringsbehov	432 511 796	395 762 584	292 100 000	59 216 153
Dekka slik:	0	0	0	0
Bruk av lån	98 826 926	365 080 000	290 100 000	56 733 567
Sal av aksjar og andeler	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	9 586 624	2 000 000	2 000 000	9 065 170
Overført fra driftsbudsjettet	0	0	0	0
Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforb	10 882 584	10 882 584	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	1 500 000	17 800 000	0	4 300 000
Bruk av bundne investeringsfond	311 715 662	0	0	0
Sum finansiering	432 511 796	395 762 584	292 100 000	70 098 737
Udekket/udisponert	0,00	0	0	10 882 584



Oversikt - balanse	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
EIGEDLAR		
Anleggsmidler	2 065 954 191	1 952 632 636
Herav:	0	0
Faste eigedommar og anlegg	992 883 659	973 545 621
Utstyr, maskiner og transportmidlar	56 039 960	34 448 340
Utlån	119 445 655	86 667 555
Konserninterne langsiktige fordringar	0	0
Aksjar og andeler	45 789 649	45 714 278
Pensjonsmidlar	851 795 267	812 256 842
Omløpsmidlar	719 216 351	951 582 883
Herav:	0	0
Kortsiktige fordringar	48 772 479	41 152 213
Konserninterne kortsiktige fordringar	0	0
Premieavvik	46 768 062	33 455 065
Aksjar og andeler	275 645 450	259 053 988
Sertifikat	0	0
Obligasjonar	0	0
Derivat	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	348 030 361	617 921 617
SUM EIGEDLAR	2 785 170 542	2 904 215 519
EIGENKAPITAL OG GJELD	0	0
Eigenkapital	503 516 951	808 039 316
Herav:	0	0
Disposisjonsfond	5 194 673	30 223 094
Bundne driftsfond	25 155 834	345 555 165
Ubundne investeringsfond	264 978 696	257 385 855
Bundne investeringsfond	29 731 526	24 203 732
Regnskapsmessig mindreforbruk	30 174 804	2 395 893
Regnskapsmessig meirforbruk	0	0
Udisponert i inv.regnskap	0	10 882 584
Udekka i inv.regnskap	0	0
Kapitalkonto	153 975 436	143 087 010
Endring i regnskapsprinsipp som påverkar AK Drift	-5 694 018	-5 694 018
Endring i regnskapsprinsipp som påverkar AK Invest	0	0
Langsiktig gjeld	2 184 540 823	1 903 194 619
Herav:	0	0
Pensjonsforpliktingar	972 764 783	936 098 483
Ihendehaverobligasjonslån	160 000 000	0
Sertifikatlån	914 185 000	733 791 390
Andre lån	137 591 040	233 304 746
Konsernintern langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld	97 112 768	192 981 584
Herav:	0	0
Kassakredittlån	0	0
Anna kortsiktig gjeld	97 112 768	192 981 584
Derivat	0	0
Konsernintern kortsiktig gjeld	0	0
Premieavvik	0	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	2 785 170 542	2 904 215 519



MEMORIAKONTI	0	0
Memoriakonto	272 910 803	94 252 867
Herav:	0	0
Ubrukte lånemidlar	272 561 688	93 648 614
Ubrukte konserninterne lånemidlar	0	0
Andre memoriakonti	349 116	604 253
Motkonto til memoriakonti	-272 910 803	-94 252 867



Rekneskapsprinsipp

Kommunerekneskapen er finansielt orientert. Den skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengeleg gjennom året, og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som fylgjer av anordningsprinsippet.

Dette betyr at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar gjennom året som vedkjem kommunen sin verksemd skal gå fram av drifts- eller investeringsrekneskapen i året, uavhengig av om dei er betalt eller ikkje.

Variabel lønn opparbeida i desember førre år ville vanlegvis kome til utbetaling i januar neste år. Denne forskyvninga har vore konsistent gjennom mange år og blir vurdert som ikkje vesentlig. Stikkprøver har vist konsistent veldig lita endring i forskyving frå år til år på under 100 tusen. For 2019-2020 er likvel forkvyinga mykje mindre sidan det var kjørt ekstra lønskjøringar på variable løn i desember ved overgangen til itdsregistreingssystemet GAT. I tillegg blei det grunna kommunesammanslåinga belasta «avregning» frå begge pensjonskassene, normalt utgifter som først kommer 1.kvartal påfølgande år. Slik leis vart 2019 eit helit spesielt år, med meir enn 12 perioder løn og sosial kostnader.

Rekneskapen er avlagt i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, inkludert her kommunale rekneskapsstandardar (KRS) utgitt av Foreningen for god kommunal regneskapsskikk (GKRS).

Organisering

Den samla kommunale verksemda er organisert innanfor kommunen sin ordinære organisasjon, med fylgjande unntak:

- Ingbrikt Davik Huset KF
- SaHara Vassverk IKS
- Ålesundsregionens Havnevesen IKS

For Ingebrigt Davik Huset KF og SaHara Vassverk IKS vert rekneskapen ført av Haram kommune.

Elles har kommunen fylgjande heileigde aksjeselskap:

- Haram Industrier AS
- Brattvåg Tannlegekontor AS
- Haram bygdebok AS

**KAPITALKONTO**

2019

2.5990

DEBET		KREDIT	
01.01.2019 BALANSE (Underskot i kapital)	0,00	01.01.2019 BALANSE (Kapital)	143 087 010,43
Sal av fast eiendom og anlegg	118 828,00	Aktivering av fast eiendom og anlegg	47 521 482,00
Av- og nedskrivning av fast eiendom og anlegg	28 083 196,00	Oppskrivning av fast eiendom og anlegg	18 580,00
Sal av utstyr, maskiner og transportmidlar	0,00	Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar	26 904 175,00
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	5 312 555,00		
Sal av aksjar og andeler	0,00	Kjøp av aksjar og andeler	3 487 371,00
Nedskrivning av aksjar og andeler	3 412 000,00	Oppskrivning av aksjar og andeler	0,00
Avdrag på utlån		Utlån	
- Sosiallån	131 150,00	- Sosiallån	232 450,00
- Startlån	6 961 764,04	- Startlån	27 263 425,00
- Andre	2 624 860,00	- Andre	15 000 000,00
Avskrv. utlån	0,00		
Bruk av midlar frå eksterne lån	98 826 925,86	Avdrag på eksterne lån	33 060 096,00
Pensjons forpliktingar - auke	37 893 513,00	Pensjons midlar - auke	40 765 638,00
Urealisert kurstap utanlandslån	0,00	Urealisert kursgevinst utanlandslån	0,00
31.12.2019 BALANSE (Kapital)	0,00	31.12.2019 BALANSE (Underskot i kapital)	-153 975 435,53
SUM DEBET	183 364 791,90	SUM KREDIT	183 364 791,90



GARANTIANSVAR

Låntakar	Opphaveleg garantiansvar	Garantiansvar 31.12.2018	Garantiansvar 31.12.2019	Garantien løper til år
Brattvåg barnehage BA	3 000 000	2 166 587	2 033 904	2031
Selnesvågen bustadstiftelse	980 000	980 000	0	2019
Selnesvågen bustadstiftelse	620 000	267 592	242 432	2026
Vollen bustadstiftelse	225 000	34 075	27 395	2018
Vollen bustadstiftelse	900 000	136 300	0	2019
Hamnsund aldersbustader	345 000	38 812	25 875	2021
Hautunet bustadstiftelse	272 800	68 561	56 034	2023
Hautunet bustadstiftelse	2 180 000	493 175	404 922	2023
Vatne aldersbustader	600 000	263 195	239 911	2026
Vatne aldersbustader	1 200 000	403 915	353 303	2024
Vatne/Tennfjord bustadstifting	650 000	54 450	36 300	2021
Vatne/Tennfjord bustadstifting	266 000	13 300	3 325	2024
Haramsøy aldersbustader (ungd.bust.)	526 000	264 775	245 297	2028
Brattvåg idrettslag	8 000 000	6 950 000	6 950 000	2021
Norborg anleggsutvikling	4 500 000	929 000	729 000	2021
Nordøyhallen AS	3 800 000	691 635	483 223	2020
Haram Industrier AS	3 200 000	2 880 000	2 720 000	2036
Ålesundsregionens Havnevesen IKS	0	15 000	0	2019
Ålesundsregionens Havnevesen IKS	138 429	155 929	138 429	2027
Ålesundsregionens Havnevesen IKS	596 574	686 372	596 574	2027
Ålesundsregionens Havnevesen IKS	650 000	700 000	650 000	2032
Ålesundsregionens Havnevesen IKS	1 487 500	1 575 000	1 487 500	2036
Ålesundsregionens Havnevesen IKS	1 100 000	1 150 000	1 100 000	2041
Ålesundsregionens Havnevesen IKS	975 000	1 018 334	975 000	2042
Ålesundsregionens Havnevesen IKS	1 035 000	1 073 333	1 035 000	2046
Sum		23 009 339	20 533 424	



Notar – Anskaffing og bruk av midlar

Anskaffing og bruk av midlar	Rekneskap Reg. budsjett Oppr.budsjett kneskap i fjor			
Anskaffing av midlar				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	732 691 859	685 886 685	676 161 000	705 848 899
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	18 679 784	105 388 000	56 638 000	119 192 401
Innbetalingar ved eksterne finanstransaksjonar	157 682 189	392 693 000	317 713 000	78 066 884
Sum anskaffing av midlar	909 053 833	1 183 967 685	1 050 512 000	903 108 184
Bruk av midlar				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	735 340 316	694 552 000	667 183 000	670 177 167
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	386 841 319	431 578 000	314 738 000	48 543 251
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	102 282 989	111 780 000	89 090 000	175 197 810
Sum bruk av midlar	1 224 464 623	1 237 910 000	1 071 011 000	893 918 228
Anskaffing - bruk av midlar	-315 410 790,41	-53 942 315	-20 499 000	9 189 956
Endring i ubrukte lånemidlar	178 913 074,14	0	0	64 076 433
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Di	0	0	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK In	0	0	0	0
Endring i arbeidskapital	-136 497 716,27	-53 942 315	-20 499 000	73 266 388
Avsetningar og bruk av avsetningar				
Avsetningar	51 228 776	14 944 163	890 000	54 318 209
Bruk av avsetningar	366 384 429	69 504 478	22 036 000	44 866 751
Til avsetning seinare år	255 137	0	0	261 503
Netto avsetningar	-315 410 790	-54 560 315	-21 146 000	9 189 956
Int. overføringer og fordelingar				
Interne inntekter o.a.	40 582 528	31 001 000	31 001 000	39 529 771
Interne utgifter o.a.	40 582 528	29 798 000	29 798 000	39 529 771
Netto interne overføringar	0	1 203 000	1 203 000	0

Notar – Endring i arbeidskapital

Oversikt endring arbeidskapital	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
OMLØPSMIDLAR		
Endring betalingsmiddel	-269 891 256,640	135 730 656
Endring ihendehaverobl og sertifikat	0,000	0
Endring kortsiktige fordringar	7 620 266,070	2 466 113
Endring premieavvik	13 312 997,000	4 872 707
Endring aksjar og andeler	16 591 461,790	-36 274 208
ENDRING OMLØPSMIDLAR (A)	-232 366 531,780	106 795 269
KORTSIKTIG GJELD		
Endring kortsiktig gjeld (B)	95 868 816	-33 528 880
ENDRING ARBEIDSKAPITAL (A-B)	-136 497 716	73 266 388



Generelt om pensjonsordningane i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsforsikringar for sine tilsette i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK).

Tilsette som er i kommunen sin teneste ved fylte 62 år har også rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar. AFP for 62-64 år er ikkje fullt forsikringsmessig dekkja, og det er heller ikkje på anna måte samla opp fond til dekking av framtidige AFP - pensjonar.

Rekneskapsføring av pensjon

Etter § 13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnadar som er rekna ut frå langsiktige føresetnadar om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad er kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen med tilbakeføring igjen over dei neste 7 åra.

Dette inneber også at utrekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er ført opp i balansen som anleggsmiddel og langsiktig gjeld.

Alle løypande pensjonsforpliktingar er ikkje med i rekneskapen

Etter gjeldande lov og forskrift for kommunalt rekneskap skal alle løypande betalingsforpliktingar (utgifter) utgiftsførast når forpliktinga løp. I dette tilfelle når den tilsette arbeider, og ikkje på det tidspunkt den tilsette er gått av med pensjon. Løypande pensjonsforplikting som gjeld kommunen sin eigendel for medarbeidarar som tek ut AFP frå fylte 62 og fram til fylte 65, skulle ha blitt klassifisert som langsiktig gjeldsforplikting. Dette er i midlartid ikkje kommunal rekneskapspraksis. Rekneskapen vert berre belasta den eigendelen som faktisk er innkravd i rekneskapsåret.



SPESIFIKASJONER FOR REGNSKAPSFØRING OG PENSJONSNOTE 2019

01534-001 Haram kommune

Sumside

PENSJONSKOSTNADER	2018	2019
Årets opptjening	31 480 832	32 757 938
Rentekostnad	30 814 551	32 349 785
Brutto pensjonskostnad	62 295 383	65 107 723
Forventet avkastning	-30 634 855	-31 698 478
Netto pensjonskostnad	31 660 528	33 409 245
Sum amortisert premieavik	5 665 588	6 915 848
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	2 428 005	2 139 250
Samlet kostnad (inkl. administrasjon)	39 754 121	42 464 343

PREMIEAVVIK	2018	2019
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	43 716 689	52 695 511
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	-2 428 005	-2 139 250
Netto pensjonskostnad	-31 660 528	-33 409 245
Premieavvik	9 628 156	17 147 016

PENSJONSFORPLIKTELSE	31.12.2018	31.12.2019
	ESTIMAT	ESTIMAT
Brutto påløpt forpliktelse	788 424 776	826 673 214
Pensjonsmidler	719 300 195	746 966 037
Netto forpliktelse før arb.avgift	69 124 581	79 707 177

SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSFORPLIKTELSE UB - EST	2019
Overførte/mottatte pensjonsforpliktelser 1.1	-
Brutto pensjonsforpl. IB 1.1 - estimat i fjor samt fisjon/fu	788 424 776
Estimatavik forpliktelse IB 1.1	1 983 063
Overførte/mottatte avik	-
Faktisk forpliktelse	790 407 839
Årets opptjening	32 757 938
Rentekostnad	32 349 785
Utbetalinger	-28 842 348
Brutto pensjonsforpliktelse UB 31.12	826 673 214

SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSMIDLER UB - ESTIMAT	2019
Overførte/mottatte pensjonsmidler 1.1	-
Brutto pensjonsmidler IB 1.1	719 300 195
Estimatavik midler IB 1.1	-25 746 549
Overførte/mottatte avik	-
Faktiske pensjonsmidler	693 553 646
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	52 695 511
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	-2 139 250
Utbetalinger	-28 842 348
Forventet avkastning	31 698 478
Brutto pensjonsmidler UB 31.12	746 966 037

**AMORTISERING AV PREMIEAVVIK**

	2019	2020
Sum amortisert premieavvik til føring	6 915 848	9 307 847
Akkumulert premieavvik	43 380 715	

AVSTEMMING

	2 019	
Balanseført netto forpliktelse IB 1.1	69 124 581	
Netto pensjonskostnad	33 409 245	
